

Resolusjonshefte Fylkesårsmøte Vestland Høgre 2024



Innhald

1. Eit framtidretta skattesystem	4
2. Eit trygt Noreg	5
3. Ein betre skule.....	9
4. Fleire i arbeid.....	11
5. Meir lokal avgjerdsrett og meir lokalt demokrati.....	12
6. Ta i bruk momskompensasjonen ved søknader om spelemidlar til bygging av idrettsanlegg	12
7. Flyktningar og arbeid	13
8. Grunnrenteskatt, beskatting på havbruk.....	14
9. Formueskatten må fjernast på arbeidande kapital	16
10. Statsforvaltaren skal få mindre makt over kommunane våre. Og lokalpolitikarane større. Mykje større.	17
11. Statsforvaltaren skal få mindre makt over kommunane våre. Meir makt til kommunane	18
12. SIKRING OG UTBETRING AV FV BREKKE – INSTEFJORD	19
13. Krav om betre fergeløysing over Fensfjorden mellom Sløvåg og Leirvåg i Vestland Fylke, 2 ferger i sambandet.....	20
14. Kraft.....	21
15. Vertskommunane for fornybar energiproduksjon må ha forutsigbare rammevilkår.	22
16. Vestland må prioritere barn og unge i framtida	24
17. Kraft Samnanger Høgre	25
18. Bruk av overskotsmassar frå Fellesprosjektet Arna – Stanghelle (FAS) til utbetring av FV49 og FV579 (Hisdal i Samnanger kommune til Osøyro i Bjørnefjorden kommune).	27
19. Vestland Høgre vil styrke grunnbemanninga i barnehage.....	28
20. Nødvendige midler til Riksvei 13. Gul midtstripe nå!	28
21. Utvide organisert mammografiscreening etter 69 år et viktig forebyggende tiltak	29
22. Årdal VGS er viktig for Vestland	29
23. Regjeringa må sikre avtale om føreseieleg og effektiv CO2-kompensasjon	30
24. Grunnrenteskatt, skattlegging på havbruk	32
25. Elektrifisering av Melkøya/Kontinentalsokkelen	34
26. Formuesskatten må fjernast på arbeidande kapital	34
27. Statsforvaltaren skal få mindre makt over kommunane våre. Og lokalpolitikarane større. Mykje større.	35

28. Flyktninger i arbeid	36
29. Krav om betre ferjeløysing over Fensfjorden mellom Sløvåg og Leirvåg i Vestland Fylke, 2 ferjer i sambandet.....	37
30. Kunnskap og status om kvinnehelse må styrkes	38
31. Viktigheita av å undervise om det vitenskaplege og tradisjonelle synet på biologiske kjønn	39
32. Flere unge inn i arbeidslivet krev styrking av det psykiske helsetilbudet og betre rammevilkår	40
33. No må Vestland prioriterast på samferdsel	41
34. Fastlegedekninga må aukast.....	42
35. Et meir omfordelende inntektssystem for kommunane	43
36. Kraft i Vestland	44
37. Grøn omstilling av industrien.....	46
38. Ein berekraftig energiproduksjon.....	48
39. Fornuftig pengebruk i offentleg sektor.....	49
40. Ein omfordelingspolitikk for framtida	49
41. Generasjonskontrakten må gjenopprettes	50
42. Norge trengjer internasjonale studentar	51
43. Vestland Høgres gründerstrategi	52

1. Eit framtidretta skattesystem

2

3 *Frå: Resolusjonskomiteen – basert på fleire innkomne resolusjonar*

4

5 Skatt har ein sentral plass i ein kvart moderne stat. Det er eit verktøy som kan brukast til å
6 styra både husstandar og bedrifter sine handlingar. Norsk næringsliv og norske
7 arbeidsplassar treng betre rammevilkår, ikkje auka skatterekningar. På same måte treng folk
8 å behalde meir av eiga inntekt. Folk veit best kor skoen trykker, og lågare skattar gjer at
9 familiar og bedrifter sjølv kan velje kva dei vil prioritere.

10

11 Norsk økonomi står i dag ovanfor tre store utfordringar: Mangel på privat kapital, mangel på
12 arbeidskraft og mangel på innovasjon. Dette er alle sentrale komponentar som skal til for at
13 Noreg lykkes i den omstillinga vi skal inn i. Det er ikkje mogeleg å skapa noko utan maskinar,
14 datamaskinar og utstyr. Det er ikkje mogeleg å skapa noko utan folka med kunnskapen og
15 ferdigheitene. Det er ikkje mogeleg å skapa noko viss ikkje folka kan bruka maskinane og veit
16 kva dei skal skapa. Skattesystemet vårt bør prøva å løysa desse utfordringane.

17 Høgre vil føre ein skattepolitikk som legg til rette for vekst, verdiskaping, nye jobbar,
18 inkludering og eit meir miljøvennleg samfunn.

19

20 **Mangel på kapital**

21 Vestland Høgre vil:

- 22 • Fjerne heile formueskatten på arbeidande kapital
- 23 • Justere selskapsskatten, men framleis sikre gode rammevilkår for å tiltrekke seg
24 utalandsk kapital
- 25 • Ikkje diskriminere norske eigarar
- 26 • Støtte opp om arbeidet for eit internasjonalt samarbeid for selskapsskating for å
27 hindre overskotsflytting til skatteparadis
- 28 • Ikkje innføre arveavgift
- 29 • Utgreie å likestille aksje- og burettslagsleilegheiter med sjølveigarleilegheiter skatte-
30 og avgiftsmessig og med ein låg sats for dokumentavgifta.
- 31 • Utgreie nasjonal eigedomsskatt på næringsseigedom

32

33 **Mangel på arbeidskraft**

34 Vestland Høgre vil:

- 35 • Innføre eit skattefrådrag på arbeidsinntekt
- 36 • Innføre eit eige skattefrådrag for unge under 30 år som er i jobb
- 37 • Gjere det meir lønnsamt for pensjonistar å jobbe

- 38
- Fjerne den mellombelse og høge arbeidsgivaravgifta
- 39
- Greie ut om arbeidsgjevaravgifta med regional differensiering fungerer slik den skal
- 40
- Satse på meir språkopplæring, særleg på ettermiddag- og kveldstid som gjer det
- 41
- enklare å kombinere med jobb
- 42
- Betre ta i bruk og nytte dei betydelege ressursane i flyktningane som kjem til Noreg.

43

44

45 **Samfunnsøkonomisk effektivitet**

46 Vestland Høgre vil:

- 47 • Fjerne grunnrenteskatten på havbruk og samtidig auke produksjonsavgifta til ein finn
- 48 ei betre ordning i samarbeid med næringa
- 49 • Innføre ein trinnvis grunnrenteskatt på vasskraft frå 10 000 – 20 000 kVA
- 50 • Sikre at kommunane sit att med meir ved store, nye kraftprosjekt og oppgraderingar
- 51 av anlegg
- 52 • Grunnlovsfeste at skattar ikkje skal kunne ha tilbakeverkande kraft

53

54 **2. Eit trygt Noreg**

55 *Frå: Resolusjonskomiteen*

56

57 Vi som bur i Noreg har skal kjenne på at vi er trygge, og at vi har system rundt oss som tek
58 vare på tryggleiken vår. Vi skal ikkje akseptere at nokon må gå gjennom livet og føle på frykt
59 for andre menneske. Ungdom som begår kriminalitet er ei aukande utfordring, spesielt gjeld
60 dette i dei større byane våre. Meir forpliktande samarbeid er heilt nødvendig mellom politi.-
61 helse.- oppvekst og frivilligheita.

62

63

64 **Politiet**

65 Politiet nyt høg tillit blant befolkninga. Kriminaliteten endrar seg og politiet må vere i stand
66 til å møte dei aukande utfordringane. Auka digital kriminalitet som svindel og overgrep mot
67 barn, samtidig som vi opplev meir organisert kriminalitet og at lovbrutarane blir stadig yngre.
68 For å møte utfordringane meiner Høgre ynskjer eit meir moderne politi som er meir ute i
69 kommunane og til stades på nett. Berre slik kan dei halde oss trygge.

70

71 Vestland Høgre vil:

- 72 • Innføre generell væpning av politiet
- 73 • Halde fram med politireforma med mål om mindre byråkrati, sterkare fagmiljø og
- 74 meir synleg politi i kommunane
- 75 • Styrke bemanninga i politiet i byane der kriminaliteten er størst

- 76 • Lage ein eigen langtidsplan for politiet for å sikre meir langsiktigheit og
77 føreseielegheit
78 • Halde fram med det teknologiske løftet for politiet
79

80

81 **Ungdoms- og gjengkriminalitet**

82 Vi opplev meir ungdoms- og gjengkriminalitet. Dei kriminelle blir stadig yngre og vi ser fleire
83 drap, kniv på opa gate og bombetrugslar. Denne utviklinga må stoppe.

84

85 Denne typen kriminalitet heng ofte saman med innvandring- og integreringsproblem,
86 barnefattigdom og sosiale utfordringar. Difor er det viktig med tidleg innsats, førebygging i
87 skulen og samarbeid med barnevern og foreldre. Dei kriminelle skal ansvarleggjerast,
88 samtidig som vi skal jobbe med å få dei ut av miljøa. Dette krev kontinuerleg arbeid og
89 samarbeid mellom ulike etatar.

90

91 Vestland Høgre vil:

- 92 • Styrke førebyggingstenestene i alle norske kommunar
93 • At tida frå begått kriminalitet til straffbar reaksjon må gå ned.
94 • At det må bli enklare å fengsle dei under 18 år, og det må utgreiast eit alternativ for
95 varetekt utan å sette dei i fengsel
96 • Ha fleire ubetinga fengselsstraffer
97 • Innføre ein straffereaksjon som ikkje krev samtykke frå verge eller ungdommen sjølv,
98 som ikkje er ubetinga fengsel, til dømes tvunge tilsyn med fotlenke.
99 • (Innføre ei plikt for kommunane til å sette inn tiltak mot barn og ungdom som er i
100 faresona for å begå kriminalitet.)
101 • Gjennomføre personundersøking av mindreårige (PUM) raskare enn i dag
102

103

104 **Domstolen**

105 Domstolen er bærebjelken i rettsstaten vår. Det er avgjerande for rettstryggleiken at
106 domsstolane blir sette i stand til å ivareta vår tryggleik.

107

108 Solberg-regjeringa gjennomførte ei reform av domstolane. Denne har vore svært vellukka,
109 og dette arbeidet må halde fram.

110

111 Vestland Høgre vil:

- 112 • Redusere saksbehandlingstidene
113 • Halde fram med å styrke domstolane ved å tilsette fleire dommarar, ruste opp
114 rettslokale og fullføre digitaliseringsløftet.
115 • Sikre at saker for dei under 18 år blir beramma raskare

- 116 • Innføre større spesialisering i domstolen, td med ungdomsprogram med
117 domstolskontroll
- 118 • Innføre hurtigspor i domstolane og sikre raskare straffeforfølgning av unge for å hindre
119 negativ utvikling hjå unge lovbrytarar
- 120 • Heve og indeksregulere grensene for fri rettshjelp
- 121 • Utgreie ordninga med fri rettshjelp til fleire rettsområde

122
123

124 **Vald og overgrep**

125 Alle skal kjenne seg trygge, både på gata, på jobb og heime. Politiet må ha dei verkemiddela
126 dei treng for å kunne slå ned på vald og overgrep.

127

128 Vestland Høgre vil:

- 129 • Lovfeste at alle kommunar skal ha handlingsplanar for vald i nære relasjonar
- 130 • Auke bruken av omvendt valdsalarm for å ta betre vare på ofre
- 131 • Innføre evigvarande kontaktforbod i dei mest alvorlege sakene
- 132 • Oppheve tausheitsplikt mellom offentlege institusjonar der kor den er til hinder for å
133 avdekke overgrep eller vald
- 134 • Sikre at norsk politi har spesialkompetanse om vald mot barn
- 135 • Innføre eigne opplæringsprogram slik at tilsette på skular og i barnehagar får meir
136 kunnskap om vald i nære relasjonar
- 137 • Fjerne minstestrafra for seksuelle overgrep
- 138 • Auke maksstrafra for seksuelle overgrep
- 139 • Ha ein full gjennomgang av dagens reglar om seksuallovbrot, med sikte på betre vern
140 for ofra.
- 141 • Seie nei til samtykkelov
- 142 • Utgreie moglegheit for å forlenge foreldingsfristen for seksuallovbrot.

143
144

145 **Totalberedskap**

146 Sivil beredskap er avgjerande for å sikre styresmaktene, sivilsamfunn og enkeltindivid mot
147 angrep, trugslar og farar.

148

149 Vestland Høgre vil:

- 150 • Styrke innsatsen med sikring mot ras, flaum, skred og brann
- 151 • Samarbeide med næringslivet i koordineringsarbeidet i beredskapssituasjonar
- 152 • Stille strengare krav til næringslivet om lagring av kritiske innsatsfaktorar
- 153 • Auke taket på øvingar der Forsvaret samarbeider med det sivile
- 154 • At Noreg skal vere ein pådrivar for at meir av verdikjeda og beredskapsvarer blir
155 produsert i Europa og Noreg.

- 156 • Forsvarets behov må takast omsyn til i planlegging og forvaltning av kritisk
157 transportinfrastruktur innan alle transportformer

158
159
160

161 **Forsvaret**

162

163 Noreg har tryggleiksutfordringar som vi ikkje kan handtere på eiga hand, vi er ikkje i stand til
164 å garantere for vår eigen tryggleik sjølv. Russlands angrepskrig på Ukraina har rokka ved
165 Europas tryggleik. Krigen i Ukraina har vist at Europa er heilt avhengig av den amerikanske
166 tryggleiksgarantien. Kinas økonomiske og militære framvekst er definerande for amerikansk
167 utanriks- og forsvarspolitik. Den geopolitiske rivaliseringa mellom Kina og USA spissar seg
168 til, og går føre seg særleg i Stillehavsregionen og Aust-Asia. Dette medfører USA må
169 prioritere militært nærvær i desse områda.

170

171 USA er stilt overfor krevjande vurderingar, og krev at Europa tek større ansvar for eigen
172 tryggleik og byrdefordelinga i NATO. Ei jamnare byrdefordeling mellom USA og NATO vil vere
173 avgjerande for NATOs vidare utvikling. NATOs mål for byrdefordeling mellom medlemslanda
174 er eit prosentmål av dei brutto inntektene i landet brukt på forsvar. Sjølv om eit slikt mål
175 ikkje måler effekten av forsvarsutgiftene måler det viljen i landa til å prioritere forsvar.
176 Samstundes er skiftande presidentar i USA også eit risikoelement i forhold til kva og korleis
177 USA prioriterer.

178

179 Ei fornya forplikting til byrdefordeling etter 2024 var eit av hovudtemaa på NATOs toppmøte
180 i Vilnius i juli i 2023. Å bruke 2 pst. av BNP til forsvarsformål er no eit minimum og eit golv for
181 ei ny og vedvarande forplikting frå allierte. Å prioritere tryggleik framfor andre
182 politikkområde vil krevje tøffe politiske prioriteringar, også i Noreg. Noregs posisjon i NATO
183 kan bli sterkt utfordra dersom ikkje Noreg aukar det relative bidraget sitt til byrdefordeling i
184 alliansen gjennom å investere meir i eige forsvar.

185

186 Vestland Høgre vil:

- 187 • At Noreg forpliktar seg til å bruke minst 2 % av BNP på forsvar innan 2026
- 188 • Auke talet på vernepliktige til 25 % og ha som mål at 30 % av eit årskull på sikt skal
189 gjennomføre verneplikta.
- 190 • Endre Forsvaret sin struktur slik at den betre organiserer udisponert personell
- 191 • Etablere ein reservistordning for å auke Forsvarets volum og moglegheit til å holde ut
192 lengre.
- 193 • Styrke alle forsvarsgreinene
- 194 • Investere i nytt luftvern, helikopter, stridsvogner og langtrekkande presisjonseld
- 195 • Standardisere våpenløysingar for overflatestruktur, med hjelp av norsk
196 forsvarsindustri

- 197 • Tillate frivillige under 30 år til å søke seg til sesjon
- 198 • Tillate avdelingar i Forsvaret til å sette egne opptakskrav for tenestene
- 199 • Etablere permanente NATO-basar i Noreg, og auke den militære tilstedeværelsen i
- 200 Finnmark – både med norske og allierte styrkar
- 201 • Bygge opp ein felles kommandostruktur for NATO i nord saman med Sverige,
- 202 Danmark, Finland og Island.
- 203 • Inngå samarbeid med Sverige og Finland om gjensidig opprusting lengst nord i landa.
- 204
- 205

206 3. Ein betre skule

207 Frå: Resolusjonskomiteen

208

209 Den norske skolen skal være i verdensklasse. Imidlertid var resultatene fra Pisa-undersøkelsen nedslående og viser en negativ utvikling i grunnleggende ferdigheter i norsk, matematikk og naturfag.

212

213 Dagens skole reproducerer forskjeller. Både andelen av lavtpresterende elever og avstanden mellom de sterkeste og de svakeste elevene har økt. Vestland Høgre mener det er viktig å sikre at norske elever lærer mer og bedre. Å redusere skjermbruk og innføre mobilforbud på grunnskolen kan ha positiv innvirkning på både læringsmiljøet og elevenes konsentrasjon.

217

218 **Vestland Høgre vil:**

- 219 • Innføre mobilforbud i grunnskolen, og sørge for at videregående undervisning er mobilfri.
- 220
- 221 • Redusere bruken av skjerm og andre digitale virkemidler i grunnskolen.
- 222 • At elever skal ha tilgang på fysiske lærebøker i alle teoretiske fag gjennom skoleløpet.
- 223 • Sørge for at skoler er store nok til at elevene har et tilstrekkelig sosialt miljø, og at lærerne har et robust kompetansemiljø.
- 224
- 225 • Gjøre det enklere for elever å søke seg til en annen ungdomsskole enn den som ligger i nærområdet.
- 226
- 227 • At ingen elever skal frykte å utsettes for vold i skolehverdagen, og at elever som utøver grov vold mot medelever skal overføres til en annen skole.
- 228
- 229 • Gi foresatte mer innsyn i barnets fravær
- 230 • Innføre et nasjonalt register for fravær på grunnskolen

231

232

233 **Lærerens oppgaver og virkemidler**

234 Den viktigste enkeltfaktoren for elevers læring er læreren. De siste årene har lærernes ansvarsområder blitt større. I dag forventes det at en lærer skal være sosialarbeider, helsesykepleier, psykolog, konfliktløser og familieveileder - ikke bare en

236

237 kunnskapsformidler. Vestland Høgre mener at lærernes arbeidsoppgaver må reduseres, slik
238 at de kan prioritere pedagogikk og videreformidling i arbeidstiden. Samtidig må lærernes
239 autoritet tilbakeføres til klasserommet. Vestland Høgre vil derfor gi lærere flere
240 sanksjonsmuligheter og større handlingsrom i uforutsette situasjoner.

241

242 **Vestland Høgre vil:**

- 243 • Sørge for at lærernes metodefrihet ikke går på bekostning av elevenes læringsutbytte
- 244 • Kraftig modererer opplæringslovens paragraf 9A, slik at det ikke lenger er elevens
245 opplevelse av hva som er en krenkelse som er mest tungtveiende.
- 246 • At lærere skal ha rett til å fysisk gripe inn mot voldelige elever.
- 247 • Opprette et voldsregister, hvor læreren registrer alle tilfeller av fysisk vold rettet mot
248 lærere eller medelever.
- 249 • Gi lærere et større sanksjonsapparat, for eksempel utvide lærernes fullmakter for
250 bortvisning av elever.
- 251 • Lærerens kjerneoppgaver skal være pedagogikk og klasseledelse.
- 252 • Redusere antall kurs lærere må gjennomgå, og styrke laget rundt lærerne, slik at de
253 kan fokusere på sine kjerneoppgaver.

254

255 **Fremtidens kompetanse**

256 Skolen er en bærebjelke i velferdssamfunnet. Vestland Høgre vil ha en skole som utvikler
257 barnas talenter og sikrer dem et best mulig utgangspunkt for videre skolegang og deltakelse i
258 samfunns- og arbeidsliv. En god skole må utvikles i tråd med samfunnsendringer og
259 imøtekomme relevante problemstillinger i academia og næringsliv.

260

261 **Vestland Høgre vil:**

- 262 • Gjennomgå læreplanene med mål om å rette det faglige innholdet i skoleløpet mot
263 den kompetansen fremtidens næringsliv etterspør, for eksempel realfag, koding,
264 kunstig intelligens og lignende.
- 265 • Kraftig redusere antallet valg- og programfag.
- 266 • Innføre retningslinjer for bruk av kunstig intelligens i skolesystemet.
- 267 • Beholde sidemålsundervisningen, og styrke hovedmålsundervisningen

268

269 **Dissens**

270 **Endre punkt 267: «Fjerne sidemålsundervisningen, og styrke**
271 **hovedmålsundervisningen (Kine Ellingsen)**

272

- 273 • Styrke skolebibliotekene og arbeidet for leseglede.
- 274 • Fjerne alle tilleggspoeng til høyere utdanning, utenom realfagspoeng.
- 275 • Gi utdanningsinstitusjonene mulighet til å sette egne opptakskrav, for eksempel
276 motivasjonsbrev, opptaksprøver og intervjuer

277

278 4. Fleire i arbeid

279 *Frå: Resolusjonskomiteen*

280

281 Den største skilnaden mellom folk i dag eller mellom dei som har ein jobb, og dei som ikkje
282 har det. Samtidig kjem vi til å mange kompetanse og fagfolk i alle yrkesgrupper framover. Då
283 er det avgjerande at vi får fleire inn i arbeidslivet.

284

285 I Noreg står mange hundre tusen nordmenn i arbeidsfør alder heilt eller delvis utanfor
286 arbeidslivet. Ein av ti nordmenn i arbeidsfør alder er uføretrygda, og vi har det høgste
287 sjukefråværet i verda. Dette er først og fremst ei utfordring for den enkelte, men også for
288 samfunnet. Arbeid og livskvalitet heng tett saman.

289

290 Med færre i jobb og fleire utanfor arbeidslivet vil bærekraften i velferdsstaten bli kraftig
291 utfordra framover. Skal vi kunne ha dei same velferdsordningane og -nivået må vi gjere grep
292 no for å sikre framtidige generasjonar den same tryggleiken.

293

294

295 Vestland Høgre vil:

296

- 297 • Opne for fleire midlertidige tilsettingar og deltidsstillingar for å få fleire i arbeid.
- 298 • Reformere NAV slik at dei blir meir arbeidsretta, og mindre opptatt av diagnosar
- 299 • Redusere makstida for arbeidsavklaringpengar (AAP) frå tre til to år
- 300 • Innføre aktivitetsplikt for AAP, og som hovudregel for alle som mottek trygd.
- 301 • Ingen unge kan bli varig uføre
- 302 • Avskaffe tilbakebetalingskrav for uføre som kjem seg ut i jobb det året dei går av
303 ytelsen.
- 304 • Innføre lønnstøtte til bedrifter som tilsett uføre
- 305 • Gi bedrifter støtte incentiv til å tilsette unge som står utanfor arbeidslivet
- 306 • Auke dei lågaste trygdesatsane for dei som ikkje kan jobbe
- 307 • Innføre ein karensdag
- 308 • Gjere arbeidsmiljølova meir fleksibel, med mål om å redusere sjukefråværet i
309 offentleg sektor
- 310 • Skattelegge barnetrygda

311

312

313

314

315

316 5. Meir lokal avgjerdsrett og meir lokalt demokrati

317 *Frå: Resolusjonskomiteen – basert på fleire inkomne forslag*

318

319 Mange folkevalde, innbyggjarar og bedrifter er opptekne av tilflytting og folketalsauke,
320 spesielt i fråflyttingstrua områder. Det er også i desse områda nødvendig for å kunna yta
321 gode og nok kvalitets-tenester i framtida. Mange har parkert gode idear fordi dei har møtt
322 eller fryktar eit byråkrati av planleggjarar og sterke statlege føringar i arealforvaltninga som
323 også kan være langvarige. Når folk mistar motet, blir ikkje framtida slik dei ynskjer. Derfor
324 treng me meir lokalt sjølvstyre, meir lokaldemokrati. Kommunane må få mykje meir reell
325 avgjerdsrett. Kommunane våre skal støtta opp om dei gode ideane, og vera ein
326 tilretteleggjar og ressurs for dei som bur og verkar her. Vi må skape ei byråkratisk linje som
327 fortel at «Her er det hjelp å få!»

328

329 Vestland Høgre vil styrkja det mest lokale demokratinivået vårt og leggja oppgåver og
330 politiske avgjerder så nært som mogleg dei det gjeld. Lokal råderett skal vera det førande
331 prinsippet i arealforvaltningssaker. Oppgåver blir løyst best av dei som kjenner lokale forhold
332 og blir mest påverka av avgjerdene som blir tekne.

333

334 **Vestland Høgre vil:**

335

- 336 • At motsegn berre skal kunna nyttast dersom ein plan er i strid med viktige nasjonale
337 eller regionale interesser
- 338 • Ikkje lenger akseptera at sentrale styresmakter eksempelvis nyttar malen for
339 Oslofjord-strandsona i distrikta våre der innbyggjarane skal leva liva sine i framtida.
- 340 • Redusera statsforvaltaren og fylkeskommunen si moglegheit til å overprøva
341 kommunale vedtak.
- 342 • Forenkla plan- og bygningslova og få mykje raskare og meir positiv sakshandsaming
343 til glede og nytte for dei som vil utvikla «gründer politikk» til bygdene/byane og
344 inbygarane sitt beste.

345

346 6. Ta i bruk momskompensasjonen ved søknader om spelemidlar til

347 bygging av idrettsanlegg

348

349 *Frå: Fylkestingsgruppa*

350

351 Dei siste 10 åra har ulike regjeringar løyvd bort i mot 100 % tilskot til å dekke
352 momskostnaden som lag og organisasjonar er berettiga spelemidlar til ved bygging av
353 idrettsanlegg. Utfordringa er at dette er ei etterskotsvis tildeling og som vil kunne bli utbetalt

354 først eit halvt til eit år etter at anlegget er ferdigstilt. Søknadsfristen er 1. des. kvart år. Det er
355 Lotteri og Stiftelsestilsynet som administrerer søknadane. Godkjenninga kjem tidlegast i juni
356 året etter.

357 Godkjente spelemiddelsøknader frå idrettslaga må sendast seinast 15. januar frå kommunen
358 for fylkeskommunal godkjenning. Erfaringar dei siste åra tilseier at det tar 3-4 år før ein
359 søknad om spelemidler når fram til løyving og det er derfor vanskeleg å ha finansiering av
360 momskompensasjonen ved innlevering av 1. gangs søknad. For kommunane vil ein kunne få
361 refundert mva. ved godkjente kostnader men også kommunane må løyve tilskot til å
362 forskottere mva. ved innsending av søknadane. Det naturlege må vere å løyve midlar til
363 kostnader eks. mva. For lag og organisasjonar er det krevande å finansiere 25 % forskotsvis
364 opp til fleire år og som ein likevel vil få refundert på eit seinare tidspunkt.

365 Ved å endre denne praksisen ved søknader om spelemidler vil både lag og organisasjonar og
366 kommunane kunne forenkle finansieringa av anlegg for nærmiljø, idrett- og friluftsliv.

367

368 Framlegg til tekst i nytt stortingsprogram:

369 Høgre vil arbeide for å endre retningslinjene ved momskompensasjon for lag og
370 organisasjonar slik at dette vert innført som ei alminneleg finansieringsordning. Også
371 merverdikostnader som kommunane vil kunne få refundert må kunne utgjere ein del av
372 finansieringa ved kommunale anlegg. Det betyr at momskompensasjonsordninga og refusjon
373 av mva inngår som ein del av finansieringa ved søknader om spelemidler.

374

375

376 7. Flyktninger og arbeid

377 *Frå: Øygarden Høgre, støttes av Gulen Høgre.*

378

379 Da Russland invaderte Ukraina i februar 2022 fikk vi en stor strøm av flytninger til alle land i
380 Europa, også Norge.

381 Arbeid er viktig for den enkelte og for fellesskapet, og er nøkkelen til god integrering. I dag er
382 det et stort behov for arbeidskraft i Norge.

383 Det ble satt ned en arbeidsgruppe spesielt med tanke på de Ukrainske flyktningene i
384 2022. Deres arbeid ble presentert i en pressemelding i august 2023.

385 Over 8000 ukrainere vil avslutte introduksjonsprogrammet i år, og mange vil trolig gå rett ut
386 i arbeid. Regjeringen jobber sammen med partene i arbeidslivet for å få enda flere raskere ut
387 i arbeid.

388

389 Språkvansker er selvfølgelig den store barrieren, og det må legges opp til rask tilgang til
390 fleksibel språkopplæring.

391 Mange ukrainere er godt utdannet og har kompetanse som vi etterspør i Norge. De har et

392 ønske om å få delta i samfunnet, tjene egne penger og betale skatt, selv om jobben de kan få

393 ikke nødvendigvis tilsvarer deres kompetanse. Det er vårt ønske å sørge for at dette kan skje
394 så hurtig som mulig, selvfølgelig tilpasset situasjonen til den enkelte.
395 NAV spiller en viktig rolle i dette arbeidet, og det er også viktig at de får tilført kapasitet for å
396 kunne håndtere saken.

397

398 **Så hva er status i dag?**

399 Siden krigen brøt ut i Ukraina i februar 2022 har det kommet 43.000 ukrainske flyktninger til
400 Norge. Det har vært et viktig politisk mål å få flere av dem ut i arbeid.

401 Så langt har svært få kommet i arbeid, men utviklingen går i riktig retning. I januar var 1844
402 ukrainere registrert med arbeid i Norge.

403 I februar var 2040 ukrainere registrert med arbeid i Norge.

404 Det er en økning på nesten 11 prosent.

405 I halvåret mellom august 2022 og februar 2023 har antall ukrainere i arbeid økt med 70
406 prosent.

407

408 I samme periode økte antall flyktninger med 62 prosent og det er antydnet at Norge vil måtte
409 ta imot mer enn 30.000 flyktninger i 2024.

410 Nå blir det enda viktigere å effektivisere dette arbeidet og etablere et hurtigspor for å få
411 flyktningene ut i arbeid, noe de selv også ønsker.

412

413 **Vestland Høgre ønsker å sette fokus på den store ressursen og potensialet som ligger hos**
414 **flyktningene, i et stadig strammere arbeidsmarked. Vi mener at det kan og må arbeides**
415 **mer for å gjøre språkopplæring og kvalifisering for arbeid mer effektivt og strukturert.**
416 **Dette er også svært god integreringspolitikk.**

417

418

419 **8. Grunnrenteskatt, beskatning på havbruk**

420 *Frå: Gulen Høgre*

421 Norsk havbruksnæring har i dag ein leiande global posisjon og ligg heilt fremst med omsyn til
422 teknologiutvikling, konstruksjon og drift av både flytande anlegg i sjø og ikkje minst
423 produksjon av storsmolt og matfisk på land. Næringa eksporterte sjømat for over 111
424 milliarder kroner i 2022, har ei samla sysselsetting over på 62 000, og bidrar med store
425 skatteinntekter og andre type økonomiske bidrag til fellesskapet både lokalt og sentralt.
426 Havbruksnæringa skaper allereie stor aktivitet og verdiskaping i heile Norge. Særleg gjeld
427 dette i distriktskommunar langs heile kysten, kor næringa spelar ei nøkkelrolle for aktivitet,
428 vekst og utvikling.

429 Skal havbruksnæringa framleis vekse og få utvikle seg i ei enda meir berekraftig retning, er
430 det avgjerande at næringa får konkurransedykige- og stabile rammevilkår.

431 Havbruksnæringa er basert på globale marknader med globale aktørar, og særnorske
432 skatteregime vil lett kunne svekka norske oppdrettsaktørar i den globale konkurransen. Skal
433 havbruksnæringa greie å oppretthalde den internasjonale posisjonen sin, vekse og få utvikle
434 seg i ei enda meir berekraftig retning, er det derfor avgjerande at næringa får
435 konkurransedykige- og stabile rammevilkår.

436 Regjeringa og Stortinget sitt vedtak på grunnrenteskatt står dessverre i sterk kontrast til
437 behovet næringa har til stabile og føreseielege rammevilkår. Skatteregimet står òg i kontrast
438 til den langsiktige trenden for bedriftsskattelegging i Norge, nærare eit internasjonalt
439 skattenivå og struktur, og som også fleire regjeringar har medverka til.

440 Stortinget sitt vedtak til grunnrenteskatt for havbruksnæringa vil i sterk grad endre på
441 rammevilkåra for næringa, og vil være demotiverande for aktørane i næringa. Vedtaket om
442 grunnrenteskatt har skapt politisk usikkerheit, er ikkje skattemessig nøytralt, har skapt ei
443 rekke uavklarte og uheldige forhold, og har klare negative sider. Den representerer òg eit
444 skattepress som ikkje harmonerer med Høgre sine uttalte mål om næringa. Fleire
445 høyringssvar til forslaget har dokumentert at havbrukbedrifter kan få ein samla skatt
446 (inklusiv formueskatt og utbytteskatt) som går langt over tradisjonelle beskatningsnivået til
447 vanlege verksemder. Dette vil tappe bedrifter og lokalsamfunn for kapital og ressursar, og
448 gjere næringa ute av stand til å investere i ytterlegare verdiskaping, arbeidsplassar og vekst.
449 Forslaget har alt ført til nedskalering, utseting og avlysing av investeringar for over 35
450 milliarder kroner, varsel om permiLeringar og oppseiingar. Det same gjeld
451 leverandørnæringa, som er heilt avhengig av ei kapitalsterk havbruksnæring.

452
453 Innføring av grunnrenteskatt byggjer dessutan på ei mangelfull forståing av
454 havbruksnæringa, kor det i alt for liten grad er tar omsyn til alle dei innsatsfaktorane
455 næringa sjølv har utarbeid, utvikla og bidratt med, og som er grunnlaget for den globale
456 posisjonen næringa har.

457 Forutan ordinære bedriftskatter bidrar havbruksnæringa i dag med produksjonsavgift,
458 enkelte stader eigedomsskatt og kjøpesum for nye konsesjonar (produksjonsvolum) til
459 Havbruksfondet. Produksjonsavgifta utgjer 750 millionar kroner, og hadde ikkje regjeringa
460 kome med forslaget til grunnrenteskatt ville kjøp av konsesjonar gitt fellesskapet inntekter
461 på over 8 milliarder kroner. Innføring av nytt regime for grunnrenteskatt har sålangt ført til
462 stort tap for statsbudsjettet. Det er heilt nødvendig å også ha fokus på den skattemessige
463 forskjelsbehandlinga mellom små store havbruksverksemder.

464

- 465 • Høgre er sterkt kritisk til regjeringa sin prosess for meir-skattlegging av
466 havbruksnæringa, og meiner skattlegging av næringa på enkelte plasser må sjåast i

467 samanheng med behandlinga av Skatteutvalet sin rapport som kom 19. desember i
468 2022.

- 469 • Høgre meiner at vi må ha eit skatteopplegg for havbruket som bidrar til meir
470 verdiskaping og nye lønnsame arbeidsplassar, og ikkje føre ein skattepolitikk for
471 nedskalering og flytting av lønnsame arbeidsplassar ut av landet og favorisere
472 utanlandsk eigarskap.
- 473 • Høgre stemte mot grunnrenteskatten på havbruk mellom anna av prinsipp, samt
474 skattenivået og den innrettinga skatten hadde.
- 475 • Høgre meiner havbruk skal beskattast av faktiske inntekter, og ikkje normpris. Høgre
476 vil målretta arbeide for eit rettferdig og likt skatte regime for heile næringa uten
477 differensiering mellom små og store aktørar.
- 478 • Høgre meiner det er rom for å auke bidraget til fellesskapet noko, slik næringa
479 gjennom sine organisasjonar sjølv har uttalt.
- 480 • Høgre vil, dersom regjeringsposisjon i 2025, endre noverande regjering sin
481 skattemodell
- 482 • Høgre vil etablere ein skatte-modell som kan sikre næringa bærekraftig vekst og
483 utvikling, betre fiskehelse, lågare miljømessige fotavtrykk og påverknader.
484 Verdiskapinga, inkludert ringverknader, skal tilfalla lokalsamfunna der aktiviteten
485 skjer, samstundes sørge for at Norge sin posisjon som verdsléiande havbruksnasjon
486 skal styrkast.

487

488 9. Formueskatten må fjernast på arbeidande kapital

489 *Frå: Gulen Høgre*

490 Slik innretninga er på formueskatten bidreg det tydeleg til endringar i den nasjonale
491 eigarskapen av bedriftene i Norge. Berre seinare tid har Fjord1 blitt oppkjøpt av større
492 eigarfond og Havyard Leirvikk blitt kjøpt av Tyrkiske eigarar. Det fins mange fleire døme på at
493 dette går i feil retning når forutsetnaden for Norsk eigarskap er diskvalifisert i forhold til
494 Utlands eigarskap.

495 Formueskatten fører også til store uttak av kapital frå verksemder for at eigarane skal klare å
496 betale denne forma for skatt, konsekvensen er at eigarane naturlegvis ser den einaste utveg
497 å flytte utenlands gjerne til nasjonar som ikkje har denne form for skatt.

498 Regjeringa verkar likegyldig til problemstillinga slik beskrive her.

499 Høgre har eit klart ansvar med å ta vare på den verdiskapinga og ikkje minst den Norske
500 eigarskapen som endå er i landet å må sørge for at formueskatten på arbeidande kapital blir
501 redusert og fjern etterkvart.

502 Gulen Høgre oppfordrar til Vestland Høgre arbeider inn målsetnaden om fjerning av
503 formueskatten slik at gode investorar kan bli værande i kommunane der dei har etablert sine
504 verksemder.

505

506

507

508 **10. Statsforvaltaren skal få mindre makt over kommunane våre. Og**
509 **lokalpolitikarane større. Mykje større.**

510

511 *Frå: Folgefonn Senior Høgre*

512

513 Uttale vedteken på årsmøtet til Folgefonn Senior Høgre 30.10.23.

514 Statsforvaltaren «.. er imot massehandtering uansett kvar vi skal ha det». Sitatet står i
515 lokalavisa Grenda

516 25. okt.

517 Utsegna kom frå ein planleggingsleiar i Vestland fylkeskommune under eit møte i
518 plannemnda i

519 Kvinnherad. Saka handla om poll til poll-tunnelen, det høgt prioriterte
520 skredsikringsprosjektet i Mauranger som er under planlegging.

521

522 Flytting av stein og jord er gjerne viktigaste verkemiddelet når ein skal utvikla nye areal for
523 bustad og næring i kommunane rundt Folgefonna. For dei fleste lokalpolitikarane som har
524 stilt til val på partiprogram som vil utvikla «levande bygder», er det berre frustrerande når
525 «overmakta» tvingar ein til å redusera og endra planar eller leggja til side planar som kunne
526 skapa ei meir positiv utvikling i bygder og tettstadar.

527

528 Mange innbyggjarar og bedrifter er opptekne av tilflytting og folketalsauke for å kunna yta
529 gode nok tenester i framtida. Mange har sjølve parkert gode idear fordi dei har møtt eller
530 fryktar eit byråkrati av planleggjarar og byggesakshandsamarar som er meir lojale overfor
531 «overmakta» enn dei lokale styresmaktene. Når folk mistar motet, blir ikkje framtida slik dei
532 ynskjer. Derfor treng me meir lokalt sjølvstyre, meir lokaldemokrati. Kommunane våre skal
533 støtta opp om dei gode ideane, og vera ein tilretteleggjar og ressurs for dei som bur og
534 verkar her. Då skal ikkje kommunalt tilsette leita etter bremsepedalen, men trykkja på
535 gasspedalen. «Her er det hjelp å få!»

536

537 Høgre vil styrkja lokaldemokratiet og leggja oppgåver og politiske avgjerder så nært som
538 mogleg dei det gjeld. Lokal råderett skal vera det førande prinsippet i arealforvaltningssaker.

539 Oppgåver blir løyst best av dei som kjenner lokale forhold og blir mest påverka av
540 avgjerdene som blir tekne.

541

542 Vestland Høgre har derfor programfesta «Arbeide for å innskrenke fylkeskommunen og
543 statsforvaltaren sitt høve til å kome med motsegner til kommunale vedtak, og for at
544 eventuelle motsegner blir grunngjeve og løyst i dialog med kommunen.»

545

- 546 • at motsegn berre skal kunna nyttast dersom ein plan er i strid med viktige nasjonale
547 eller regionale interesser. (Ordet «viktig» står ikkje i dagens regelverk.)
- 548 • ikkje lenger akseptera at sentrale styresmakter eksempelvis nyttar malen for
549 Oslofjord-strandsone i distrikta våre der innbyggjarane skal leva liva sine i framtida.
- 550 • redusera statsforvaltaren og fylkeskommunen si moglegheit til å overprøva
551 kommunale vedtak.
- 552 • forenkla plan- og bygningslova og få mykje raskare og meir positiv sakshandsaming til
553 glede og nytte for oss som vil utvikla bygdene våre.

554

555 11. Statsforvaltaren skal få mindre makt over kommunane våre. Meir 556 makt til kommunane

557

558 *Frå: Gulen Høgre*

559 Ved utbygging av større arealer og vegannlegg viser det seg ofte at massehandtering kan bli
560 eit betydelig problem. Flytting av jord og steinmasser over lange strekninger blir ofte
561 resultatet som igjen gjev store miljømessige kostnader med diesel og vegslitasje. Meir lokal
562 handtering av slike masser bør bli eit krav uten at dette hindrer lokal utvikling.

563 Mange innbyggjarar og bedrifter er opptekne av tilflytting og folketalsauke for å kunna yta
564 gode nok tenester i framtida. Mange har sjølve parkert gode idear fordi dei har møtt eller
565 fryktar eit byråkrati av planleggjarar og byggesakshandsamarar som er meir lojale
566 overfor «overmakta» enn dei lokale styresmaktene. Lang saksbehandlingstid fører til at dei
567 beste idear blir lagt i grus eller at kostnader blir så høge etter fleire år i byråkratmølla at folk
568 mistar motet.

569 Derfor treng me meir lokalt sjølvstyre, meir lokaldemokrati. Kommunane våre skal støtta
570 opp om dei gode ideane, og vere ein tilretteleggjar, støttespelar. Kommunalt tilsette skal
571 ikkje leita etter bremsepedalen.

572 Høgre vil styrkja lokaldemokratiet og leggja oppgåver og politiske avgjerder så nært som
573 mogleg dei det gjeld. Lokal råderett skal vera det førande prinsippet i arealforvaltningssaker.

574 Vestland Høgre har derfor programfesta «Arbeide for å innskrenke fylkeskommunen og
575 statsforvaltaren sitt høve til å kome med motsegner til kommunale vedtak, Kommunale
576 avgjerder skal sterkt vektleggast.

577

578 Vestland Høgre vil:

- 579 • at motsegn berre skal kunna nyttast dersom ein plan er i strid med viktige nasjonale
580 eller regionale interesser.
- 581 • at det i distrikta må være unntak for regelen om å bevare u-rørt natur, distrikta må
582 kunne utvikle seg til beste for inbyggjarane.
- 583 • At strandsona også må nyttast på dei områda innbyggjarane våre skal leva liva sine i
584 • framtida.
- 585 • redusera statsforvaltarens moglegheit til å overprøva kommunale vedtak.
- 586 • forenkla plan- og bygningslova og få mykje raskare sakshandsaming til glede og nytte
587 for oss som vil utvikla bygdene våre.

588

589 12. SIKRING OG UTBETRING AV FV BREKKE – INSTEFJORD

590 *Frå: Gulen Høgre og Gulen Senior Høgre*

591 Behandla i årsmøtet til Gulen Senior Høgre 17. November 2023

592 Dette er ei sak som alle parti i Gulen støtta i valkampen og skulle arbeide med i kommande
593 periode.

594 Vegen er rasfarleg, noko det fins fleire døme på. Dette gjeld spesielt i visse høve når veret
595 tilseier.

596 Tunellane derimot er dei same heile døgnet. Dei som køyrer der har sikkert alle erfaring med
597 problema dei kan møte.

598 Det er passering for personbilar om ein er forsiktig. Ein stor og liten bil har store problem. To
599 store bilar, trailer eller semi må rygge.

600 Dette skjer dagleg.

601 Høgde og breidde må gjerast noko med. Vegen og tunellane var bygde på 60-talet og

602 tilfredsstillar ikkje på nokon måte dagens krav. Bilane er større og trafikken mangedobla.

603 Gulen Høgre vil ta tak i denne saka og oppfordrar i samarbeid med dei andre politiske partia
604 og administrasjonen i Gulen og Vestland Fylkeskommune å jobbe fram denne vegstrekninga
605 som er så viktig for både private og næringsliv i både Gulen og Solund. Det er også skuleveg
606 og busstrafikk på vegen.

607

608 **13. Krav om betre fergeløysing over Fensfjorden mellom Sløvåg og**
609 **Leirvåg i Vestland Fylke, 2 ferger i sambandet.**

610

611 *Frå: Gulen Høgre og Gulen Senior Høgre*

612 Frå Gulen Senior Høgre og Gulen Høgre har det gjentekne ganger blitt sendt sterk
613 oppmoding til Fylkespolitikarane om å legge til rette for 2 ferger i sambandet over
614 Fensfjorden.

615 Førebels synes det som om det er lite aktivitet for å få dette til

616 Situasjonen og problemstillinga med dagens situasjon er godt kjendt og kva problem som
617 oppstår når ferja fører farlig last eller i ambulansesituasjoner der ferja må gå utanom
618 rutetider.

619 Sambandet treng 2 ferjer for å fungere tilfredsstillande for dei reisande å sikre at
620 trafikkflyten ikkje blir til hinder for transport frå og til i regionen.

621 Det er omtalt korvidt ein kunne delast om ei ferje mellom Fedje og i sambandet Leirvåg –
622 Sløvåg, i så fall vil ei ferje ekstra kunne avhjelpe både Fedje når hovudferja på Fedje er ute av
623 ruta å gå inn i sambandet Leirvåg - Sløvåg i vanleg rute.

624 De7e ville være ei nødløsning men hjelpe godt på situasjonen.

625 Gulen Senior Høgre er opptekne av at transporten over fjorden er forutseieleg og sikker,
626 sambandet er sterkt traffikert og behovet er stort for forbetring. Gulen Senior Høgre ber
627 Fylkespolitikarane frå Høgre og fleire ta seriøst tak i problemstillinga som er svært godt
628 kjendt gjennom fleire år.

629

630

631 **14. Kraft**

632 *Frå: Kvinnherad Høgre*

633

634 **Konsekvensar ved effektutbygging:**

635

636 Skattlegging av kraftsektoren må gje incentiv til grøn omstilling og auka produksjon av
637 fornybar energi. Dagens skattesystem kan straffe vertskommunar som seier ja til
638 effektutbygging.

639

640 Grunnrenteskatten er ein kontanstraumskatt der kraftverkseigarar får direkte frådrag for
641 investeringar i investeringsåret. Kraftverkseigarar kan igjen trekke frå grunnrenteskatten i
642 eigedomsskattegrunnlaget. Ved ein eventuell investering i effektutbygging vert
643 grunnrenteskatten låg i investeringsåret og høg i dei andre åra. Grunna makstak på
644 eigedomsskattegrunnlag for kraftverk vil ikkje vertskommunar dra nytte av låg
645 grunnrenteskatt i investeringsåret, men vert straffa dobbelt dei resterande åra. Både fordi
646 grunnrenteskatten som går til frådrag for eigedomsskattegrunnlaget vert høg dei andre åra
647 enn i investeringsåret, i tillegg til at kraftverka kan trekke frå noverdien av framtidige
648 utskiftingskostnader knytt til effektutbygginga i eigedomsskattegrunnlaget. Dette vil bety at
649 vertskommunar vil få mindre i eigedomsskatt frå kraftverk ved å sei ja til effektutbygging.

650

651 For å auke fornybar produksjon og bidra til grøn omstilling må kompensasjonen til
652 vertskommunar stå i forhold til verdiskapinga av dei naturressursane som vertskommunar
653 avstår. I dag kan vertskommunar bli økonomisk skadelidande av å sei ja til effektutbygging.
654 For å løyse dette må enten makstaket for eigedomsskattegrunnlag for kraftverk fjernast eller
655 så må koblinga mellom grunnrenteskatt og eigedomsskatt for kraftverk fjernast.

656

657 **Grunnrenteskatt:**

658

659 Det er generelt uheldig at grunnrenteskatt går til fradrag i eigedomsskattegrunnlaget for
660 kraftverk, dette gjeld ikkje berre for vertskommunar der effektutbygging er aktuelt.

661

662 Grunnrenteskatten går til frådrag i eigedomsskattegrunnlaget og omvendt, eigedomsskatten
663 går til frådrag i grunnlaget for grunnrenteskatt. Dette er uheldig av fleire grunnar:

664

- 665 - Effekten av det er ein skjult overføring av eigedomsskatt frå kommune til stat
- 666 - Eigedomsskatt frå kraftverk vil kunne variere stort mellom år og gje vertskommunar
667 liten føreseielegheit i inntekta frå kraftverk
- 668 - Høg grunnrenteskatt over fleire år vil redusere eigedomsskatten frå kraftverk
669 betydeleg og redusere vertskommunars incentiv til ny kraftproduksjon

670

671 **Makstak på eigedomsskattegrunnlag:**

672

673 Eigedomsskattelova §8 B-1 fjerde ledd seier at skattegrunnlaget for kraftverk skal ikkje
674 settast høgare enn 2,74 kr/kwh. Dette beløpet har ikkje vore indeksregulert på over 10 år,
675 sjølv om dette var intensjonen etter loven blei endra i 2013. Dei høge kraftprisane dei siste
676 åra gjer at skattegrunnlaget for dei aller fleste store kraftverk overstig denne grenseverdien.

677

678 Konsekvensen av dette er at kraftverka deler ut mindre av sitt ekstraordinære overskot til
679 vertskommunar. Kompensasjonen som kraftverk gjev tilbake til lokalsamfunna vil i stadig
680 mindre grad stå i forhold til verdiskapinga frå kraftverka. Ved å indeksregulere makstaket slik
681 intensjonen var ville makstaket vore auka med omtrent 1 kr/kwh.

682

683 Høgre vil:

- 684 • Grunnrenteskatten er ein skatt på superprofitt, og bør ikkje komma til frådrag i
- 685 eigedomsskattegrunnlaget for kraftanlegg- jf skatteloven § 18-5.
- 686 • Makstaket på eigedomsskattegrunnlaget må fjernast.
- 687 • Kun driftsmidlar i sjølve produksjonen må inngå ved berekning av formueverdien i
- 688 skatteloven etter skatteloven § 18-5

689

690 **15. Vertskommunane for fornybar energiproduksjon må ha**

691 **forutsigbare rammevilkår.**

692 *Frå: Masfjorden Høgre*

693

694 Inntektsutjamning mellom kommunane er ein pågåande prosess, uavhengig av regjering og
695 samansetjing av storting. Framfor å sikre kommunane tilstrekkelege inntekter rettar fokus
696 seg oftare på å omfordele rammer kommunane i mellom. Det same kan nok opplevast i
697 fylkeskommunane. Allereie no har ein ei inntektsutjamning av naturressursskatten, som vert
698 utjamna med alle kommunane i landet.

699

700 Regjeringa vil legge fram ein heilheitleg gjennomgang av inntekssystemet for kommunane i
701 eiga melding til Storinget våren 2024. Det betyr enda ei ny og utfordring for
702 budsjetttrammene i kommunane og fylkeskommunane.

703

704 Ved utgangen av 2022 opplevde ein del av vertskommunane for vasskraftproduksjon å få
705 trekk i rammeoverføringar fordi dei hadde for gode vilkår på salg av konsesjonskrafta si
706 medan andre vertskommunar slapp unna. Eigarkommunane slapp også slikt trekk sjølv om
707 dei fekk auka utbytte som fylgje av den same inntekstveksten.

708 Vindkraft har vore eit omstridt tema men og eit viktig bidrag for å styrke energiforsyninga,
709 særleg i områder med avgrensa forsyningskapasitet. Vertskommunane har no oppnådd

710 større medverknad på slik utbygging, både gjennom plan og bygningslova men og politiske
711 vedtak om å føresetje lokal vilje til slik utbygging. No opplever vertskommunane for
712 vindkraft likevel at den lokale kompensasjonen er under press og kan bli ein del av
713 inntektsutjamninga kommunane imellom.

714

715 Solenergi er ei anna fornybar energikjelde som staten ynskjer meir av. Men også her kjem
716 skatteregimet på bana og set bremsepedalen på. Kan eller skal ein regulere areal til
717 føremålet skal det beskattast kommunalt eller nasjonalt, eller begge deler?

718 Då vasskraftutbyggingane vart starta opp vart det vedteke som ein del av vilkåra for
719 utbygging at vertskommunane skulle ha varige særlege inntekter (konsesjonskraft gjennom
720 konsesjonslova).

721

722 No ser ein etter framlegget i NOU 2022:10 at vertskommunane for vasskraft skal dele 10 %
723 av konsesjonskraftinntektene sine med resten av landet, uavhengig av innslagspunktet for
724 kraftprisen både når det gjeld kjøp eller salg. Det føreligg derimot ingen forslag om å
725 inntektsutjevne utbytteordninga for eigarkommunane eller staten som eigar.

726 I 2023 vart altså eit direkte trekk i rammeoverføringane til vertskommunane staten sitt grep
727 for inntektsutjevning. Slike årlege grep er i strid med dei opprinnelege konsesjonsvilkåra for
728 kraftproduksjon, og er ikkje med å motivere kommunane i landet til auka fornybar
729 energiproduksjon.

730

731 Høgre ynskjer forutsigbarheit både for vertskommunane, kraftselskapa og næringslivet. Då
732 kan ein ikkje årleg og med skiftande regjeringar endre rammevilkåra knytt til
733 energiproduksjonen.

734

735 For å stimulere til auka satsing på arealkrevande fornybar energiproduksjon vil Høgre
736 gjennom saka om inntektsutjevning ivareta vertskommunane sine interesser ved at:

- 737 • Konsesjonskraftlovgevinga ikkje vert endra, dvs. at vertskommunane kan selje vidare
738 den krafta som er regulert i konsesjonsvilkåra for produksjonsanlegga, og at
739 fylkeskommunen kan selje all overskytande konsesjonskraft frå den enkelte
740 vertskommune i fylket.
- 741 • Grunnrenteskatten ikkje vert auka.
- 742 • Grunnrenteskatten ikkje bør komme til frådrag i eigedomskattegrunnlaget for
743 kraftanlegga.
- 744 • Makstaket på eigedomskattegrunnlaget vert fjerna, og eigedomskatten må komme
745 ajour med indeksreguleringa fram til i dag.
- 746 • Inntektsutjevning mellom kommunane skal ikkje trekkast frå
747 konsesjonskraftinntektene som er heimla i konsesjonskraftlovgevinga og dei
748 repektive konsesjonsvilkåra.

- 749
- Dersom inntektsutjevning skal knyttast opp til kraftinntekter, finn ein det
- 750 hensiktsmessig å gjere dette frå utbytte til eigarkommunane, staten som eigar og evt.
- 751 private eigarar av kraftproduksjonen.
- Private småkraftverk bør ikkje inngå i inntektsutjamning.
- 752
- 753
- 754
- 755

756 16. Vestland må prioritere barn og unge i framtida

757 *Frå: Trude Klingenberg, Årdal Høgre*

758

759 Eg vil at Noreg skal vere den beste plassen å bu. Kvart enkelt menneskje lærer av erfaringar

760 som

761 ein gjer gjennom livet, men det handlar også om korleis ein vil forvalte desse erfaringane til

762 det

763 beste for folket og framtida.

764

765 Då det vart kjend for folk at eg hadde meldt overgang til Høgre var fleire av kommentarane:

766 “Mistar du dei sosiale verdiane dine?” “Vil du auke forskjellane i samfunnet vårt?”.

767

768 Sidan eg i 2008 var russepresident i Årdal, så har barnevern vore ei av mine hjertesaker. Ein

769 trygg

770 og god oppvekst vil til sjuande og sist vere ei økonomisk og sosial vinning for samfunnet vårt.

771 Og

772 eg meina oppriktig at Noreg treng ein Familiedomstol, der ein samla fleire etatar under eit.

773 Dette vil i framtida førebyggje framtidige drap i nære relasjonar. Eit apparat som har all

774 informasjon samla på ein stad, enn fordelt utover forskjellige instansar.

775

776 Sidan Noreg vart eit sjølvstendig land, så har me gjennom desse åra skapt ein samfunns-

777 kultur. Ein kultur er alltid vanskeleg å endre, men i ein verden med krig og elende, så starta

778 alt med ein god og trygg barndom. Trygge ungar, skapar trygge samfunn. Dette er den

779 største førebygginga ein har mot framtidig vold, kriminalitet, psykisk helse, rus og fattigdom.

780

781 For no står me å snakkar tilleggs-utfordringar, utan å skjønne det største problemet. Det er

782 eit samfunnsansvar å fange opp barn og unge på eit tidleg stadie.

783

784 Om me ikkje kan snakke om dei store utfordringane som eksistera i samfunnet vårt, så vil ein

785 dag

786 ytringsfridomen vår forsvinne. Og dette er uansett om ein er lokalpolitikar, fylkespolitikar

787 eller

788 stortingsrepresentant. Dette vil bli ein av våre framtidige største truslar. Og kanskje ligg det
789 allereie
790 her?
791
792 Å veksa opp i ei bygd som har blitt styrt av eit Arbeidarparti i over 60 år, så ser eg også som
793 vaksen
794 at dette ikkje tena samfunnet vårt godt. Problemstillingar eg såg som 11 åring er framleis like
795 relevant 23 år seinare. Politikk byggjer lokalsamfunn, men politikk byggjer også Noreg.
796
797 Sjølv om verden går framover, så må ein sjå tilbake kva ein kan gjere betre i framtida. Den
798 største investeringa er ungene.
799
800

801 17. Kraft Samnanger Høgre

802 Frå: Samnanger Høgre

803 **Samnanger Høgre ber Vestland Høgre fremja eit forslag om å oppheva vernet i deler av**
804 **Eikedals-vassdraget m/sideelvar for Stortinget i 2024 – slik det er framstilt i dokumentet**
805 **under. Arbeidet er i gang i kommuneadministrasjonen i Samnanger, men oppheving av**
806 **vernevedtaket må behandlast på nytt i Stortinget. Grunngevinga er at dette er eit godt og**
807 **samfunnsnytting prosjekt, som til saman kan gjeve like mykje kraft som Frøland kraftverk.**
808 **(Meir underlag er tilgjengeleg i denne saka – dersom behov.)**

809 Denne saka er ikkje eit forsøk på å oppheva det varige vernet mot vassdragsutbyggingar,
810 men er eit spørsmål til politikarane om kommunen (politisk eller administrativt) skal gå i
811 gang med å arbeida for enkelte former for oppmjuking av vernet. Døme på slik oppmjuking
812 kan vera å tillata større vasskraftutbyggingar enn 1 MW, eller å få flytta vernegrensa
813 oppover i vassdraget.

814 **OBJEKTVERN AV FOSSEN BRATTE:**

815

816 Eikjedalsvassdraget vart midlertidig verna i 1973 og varig verna i 1986 i Verneplan III for
817 vassdrag.

818 Det nasjonale kontaktutvalet for vassdragsreguleringar plasserte Eikjedalsvassdraget i
819 verneklasse 4. (Ikkje verneverdig). NOU 1983:41, konkluderer likevel med vern, hovudsakleg
820 på grunn av Fossen Bratte. Vernet omfattar: Eikedalsvatnet med nedbørsfelt og elva ned til
821 Frølandsvatnet, med alle sidevassdrag. Nedbørsfeltets areal er 97 km². Det verna området
822 berører tre kommunar: Samnanger med 73 %, Kvam med 26 % og Fusa med 1 %.

823

824 **Tiltak som er gjort/gjennomført innanfor vassdragsbeltet på 100 m, etter at vassdraget**
825 **vart verna utan konsekvensvurdering i høve til påverknad på verneverdiane i vassdraget:**

826 • **Vegbygging:** Loni (også kalla Rossebotten) er ein del av hovudelva (Frølandselva, også kalla
827 Eikjedalselva) og er geografisk plassert like overfor Mørkhølsfossen. I perioden slutten av
828 1960-talet til midten av 1970-talet vart det utført omfattande inngrep i hovudelva i samband
829 med utbetring av vegen som går langs hovudelva frå Frøland til Eikjedalen. Desse inngrepa
830 medførte innsnevring av utløpet frå Loni med det resultat at Loni fløymer opp når vassføring
831 i elva aukar. Loni var tidlegare slåttemark og viktig kulturlandskap. Etter inngrep i elva som
832 følgje av vegbygginga, blei Loni permanent sterkt skada. Bøndene på Frøland og Børdalen
833 gjekk til sak mot Statens vegvesen, men nådde ikkje fram.

834 Langs hovudelva frå Frøland/Jarland opp mot Liaros vart det i tilknytning til utvidinga av Rv.7
835 støyppt og bygd natursteinsmurar ut i elva. Oppe ved Storlid er det bygd skogsveg innanfor
836 100 m beltet, som går langs hovudelva og sideelva frå Stutabotn.

837 • **Kraftnett:** Etablering av trafostasjon i Børdalen og 300 kV kraftlinje til Helldalen ligg også
838 innanfor 100 m elvebeltet. Utvidinga av trafostasjonen og ny 420 kV kraftlinje Sima –
839 Samnanger er også i konflikt med forskrift om rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag
840 pga. at trafostasjonen og deler av linjetraseen ligg innanfor 100 m vassdragsbeltet. Statnett
841 planlegg også å bygge ny og større transformator i Børdal kommande år.

842 • **Bygg og anlegg:** Etter at Eikjedalsvassdraget vart verna er Eikjedalen skisenter bygd ut, og i
843 tilknytning til det hyttefelt tett inntil Teigaelva som også er omfatta av vassdragsvernet. I
844 samband med bygging av tunnel bak Tysse (Fv.48) vart store jordmassar transportert til Dal
845 og utplanert der like inntil Eikjedalselva.

846 **Samnanger kommune meiner at det er uheldig at eit verna vassdrag har så mange og**
847 **omfattande inngrep og ønsker å endre vernestatus i Eikjedalsvassdraget.**

848 **Det kan være 3 måtar å løyse dette på:**

849 **1.** Endre dei nasjonale retningslinjene for verna vassdrag. Dette vil være ein tung politisk
850 prosess, som kan være vanskelig å gjennomføra.

851 **2.** Flytte vernegrensa opp til ovanfor Storlid (dette er nedanfor Fossen Bratte!). Dette bør
852 kunne gjennomførast, då Eikjedalsvassdraget likevel ikkje går frå fjord til fjell, slik som
853 normalen er.

854 **3.** Det beste alternativet, slik Samnanger kommune ser det, er objektvern av Fossen Bratte
855 (Brudesløret).

856 Fossen Bratte er ein turistattraksjon som må bevarast for ettertida. Ved objektvern vil
857 hovudvassføringa i Eikedalselva (Frølandselva) vert sikra. Dette er viktig for å bevare den
858 naturlege dynamikken i området Fossen Bratte, Loni og Mørkhølsfossen.

859 Ved endring av vassdragsvernet i Eikjedalsvassdraget, kan det opnast for fornuftig bruk av
860 vassdraget utan å gå på akkord med vernevedtaket.

861 Ei kvar utnytting av vassdraget - også etter ein eventuell endra status, vil måtta ta omsyn til
862 og oppfylla vilkåra i Naturmangfaldslova og Vassforskrifta.

863 Det vil være fornuftig med ressursutnytting av vassdraget når dette kan utførast utan å
864 redusera dei opprinnelege verneverdiane.

865 Ressursutnytting av Eikjedalsvassdraget vil tilføra Samnanger kommune økonomiske verdiar,
866 som vil komma innbyggjarane tilgode.

867 Samnanger og Granvin kommune fekk utarbeid ein rapport i 2014, som omhandlar
868 vassdragsvernet i nemnde kommunar. Denne rapporten er utarbeid av Terje Engvik og han
869 seier blant anna i samandraget at: "I Eikedalsvassdraget vil det kunne vere aktuelt å vurdere
870 utstrekninga på verneområdet, då dei registrerte verneverdiane i fyrste rekkje ligg frå Fossen
871 Bratte og oppover i vassdraget".

872 **Forslag til vedtak:**

- 873 **1. Vestland Høgre støttar å fremja forslag om å oppheva vernet i deler av Eikedals-**
874 **vassdraget m/sideelvar for Stortinget i 2024**
- 875 **2. Vestland Høgre støttar objektvern av Fossen Bratte, med eit forsterka vern av**
876 **denne turistattraksjonen.**
- 877 **3. Vestland Høgre støttar forslaget om å lempe på restriksjonane som hindrar**
878 **skånsam kraftutbygging av Eikedalsvassdraget nedanfor Fossen bratte.**

879

880

881

882 **18. Bruk av overskotsmassar frå Fellesprosjektet Arna – Stanghelle**
883 **(FAS) til utbetring av FV49 og FV579 (Hisdal i Samnanger kommune**
884 **til Osøyro i Bjørnefjorden kommune).**

885 *Frå: Samnanger Høgre*

886

887 Samnanger Høgre ber om at Vestland Høgre vil arbeida for at deler av overskotsmassane frå
888 FAS vert nytta til utbetring av FV 579, Hisdal – Os. Eit meir langsiktig mål for utbetring av
889 denne vegen må vera tunell frå Lønningdal til Hegglandsdalen. Det må her også leggjast til
890 at trafikken på denne vegstrekninga har auka monaleg etter opninga av Svegatjønn-Rådal på
891 E39.

892

893 FV49 er viktigaste omkjøringsvegen for E16. Kvar gong det er ras/steinsprang eller ulykker
894 mellom Trengereid og Voss, er det omkjøring «Via Hardanger». Deler av vegen er ikkje
895 dimensjonert for ei slik trafikkmengde og tryggleiken for mjuke trafikantar langs vegen er
896 bortimot fråværande. Samnanger Høgre ber om at Vestland Høgre vil arbeida for at delar av
897 overskotsmassane også kan nyttas til utbetring av denne vegen.

898

899 Utbetring av begge vegane vil gje stor samfunnsnytte og kan, på sikt, gje smidige løysingar
900 for biltrafikk aust og sør for Bergen.

901

902

903 **Forslag til vedtak:**

904 **1. Vestland Høgre skal arbeida for å få regulert nødvendig areal for ei oppgradering av FV**
905 **579**

906 **2. Vestland Høgre skal arbeida for samfunnsmessig nytte av overskotsmassar frå**
907 **Fellesprosjektet Arna – Stanghelle slik at massane vert nytta til utbetring av FV 579 og**
908 **FV 49.**

909

910

911 **19. Vestland Høgre vil styrke grunnbemanninga i barnehage**

912 *Frå: Sunnfjord Høgre*

913

914 Minimumsnorma for grunnbemanning er regulert i Barnehageloven § 26 andre avsnitt:

915 Barnehagane har ei bemanning på minimum ein tilsett per tre barn når barna er under 3 år
916 og ein tilsett per seks barn når dei er over 3 år.

917 For at barnehagebarn skal få den oppfølginga dei treng, er det viktig med tilstrekkeleg
918 bemanning som kan gje omsorg, pedagogisk utvikling og trygge rammer. Ikkje alle barn får
919 den hjelpa dei treng, eller får den for seint. Derfor bør fleire kommunar oppfordrast til å
920 styrke grunnbemanninga og regjeringa må følgje opp med midlar for å sikre at barn i
921 barnehagen får eit godt pedagogisk tilbod. Dette er viktig for å følgje opp til dømes tidleg
922 innsats. Barna er framtida vår.

923

924 Vestland Høgre vil:

- 925 • at grunnbemanninga i barnehagar er avgjerande for å oppretthalde ein høg standard
- 926 på omsorg og pedagogisk praksis.
- 927 • registrerer det aukande presset på barnehagetilsette og det aukande behovet for
- 928 ressursar for å møte dei samansette behova hos barn.
- 929 • meiner at grunnbemanninga i barnehage må styrkast og finansieringa må aukast.
- 930 • krev at det kjem på plass ei kontinuerleg evaluering av grunnbemanninga i
- 931 barnehagar.
- 932 • vil oppfordre fleire kommunar om å innføre prøveprosjekt på å auke
- 933 grunnbemanninga.

934

935

936 **20. Nødvendige midler til Riksvei 13. Gul midtstripe nå!**

937 *Frå: Ullensvang Høgre*

938

939 Ullensvang Høgre krever at Regjeringen og Stortinget bevilger nok midler til Nye Veier A/S,
940 slik at de løpende kan fortsette arbeidet med å utbedre og rassikre R13 i Ullensvang

941 kommune. Det haster med å få en trafiksikker vei fra Brattlandsdalen til Hardangerbrua.
942 R13 er en svært viktig samferdselsåre for lokalbefolkningen som skole- og arbeidsvei, for
943 næringslivet og for en sterkt økende turisttrafikk. Det er samfunnsøkonomisk lønnsomt å
944 utføre dette arbeidet helhetlig, ikke stykkevis og delt. I den nye og sammenslåtte Ullensvang
945 kommune er det svært viktig å ha rassicke infrastruktur som binder sammen innbyggerne i
946 sine daglige liv og gjøremål.

947
948 Vi forventer at Regjeringen straks bevilger nok midler til RV-13 inntil veien er rassicke og i
949 henhold til normalt god Riksveistandard.

950
951

952 21. Utvide organisert mammografiscreening etter 69 år et viktig 953 forebyggende tiltak

954 *Frå: Øygarden Senior Høgre*

955

956 I mai 2023 kom en viktig NOU nr 5 om Kvinnehelse hvor en endelig fikk satt ord på kvinners
957 livskvalitet og deres behov for helse/omsorgshjelp i et bredere samfunnsperspektiv.

958 Med det mener vi at totalbelastningen i et kvinne liv må belyses i større grad enn til nå.

959 Organisert mammografiscreening kommer her inn som et viktig verktøy

960 Brystkreft er den vanligste kreftformen som rammer flest kvinner og utgjør ca 22 % av alle
961 krefttilfeller hos kvinner totalt (Kilde: Kreftregisteret)

962 I 2022 fikk 4224 brystkreft i Norge.(i 2021 3991 tilfeller)Det er en markant økning for
963 aldersgruppen 50-69.(kilde: kreftregisteret)

964 *Aldersgruppen 70+ viste en økning de siste årene som fortsatte i 2022 (kilde: kreftforeningen)*

965 Heldigvis viser forskningen at bedre behandling og tidligere funn har bedret overlevelsen
966 blant brystkreftdiagnostiserte

967 Bo trygt hjemme reformen skal bidra til et mer aldersvennlig samfunn, at og flere eldre kan
968 leve aktive liv lenger og oppleve trygghet ved å bo i eget hjem, da er nøkkelen forebyggende
969 tiltak.

970

- 971 • *Vestland Høgre ber Helse og omsorgsdepartementet å sette i gang arbeidet med*
972 *utvidelse av programmet for organisert mammografiscreening etter fylte 69 år, vi har*
973 *ingen tid å miste*

974

975 22. Årdal VGS er viktig for Vestland

976 *Frå: Årdal Høgre*

977

978 Kva er det fyrste ein tenkjer når ein seier Årdal? Industri og teknologi. Årdal er nyskapande,
979 og sel produkt på verdsmarkedet og i verdsklasse. Alle som besøker industrien i Årdal blir
980 overraska over utviklinga og potensialet som ligg her, men dette hadde dei ikkje vist om dei
981 aldri hadde kommen på besøk.

982 Industri og Årdal VGS går hand i hand. Etter Vestland Høgre 23.08.23 besøkte Hydro vart det
983 sagt: «Me må behalde dei kloke hovuda». Årdal skapar kloke hovud gjennom den
984 vidaregåande skulen. Det spelar ei rolle å vere sosialisert inn ei industribygd, enn og ikkje
985 vere det. Verdiane til Årdal blir sterkare. Når ein skal sjå på skulestrukturen på ny, så er Årdal
986 VGS viktigare enn ein trur.

987 Årdal byggjer Årdal.

988

989 23. Regjeringa må sikre avtale om føreseieleg og effektiv CO2-

990 kompensasjon

991 *Frå: Årdal Høgre*

992

993 23.01.24 hadde Årdal Høgre styremøte, og ynskjer at Fylkesårsmøte til Vestland Høgre
994 støttar oppunder resolusjonen. Vestland Høgre ber regjeringa følge opp det viktige arbeidet
995 som har blitt starta i budsjettforliket i haust om rammevilkår for industriutvikling i Norge.
996 Forliket sikrar at det no kjem på plass ei semje om CO2-kompensasjonsordninga, som gir
997 industrien føreseielege rammevilkår, og eit effektivt vern mot CO2-prissmitte i kraftprisen.

998

999 Årdal Høgre er kjent med at det i haust vart bedd om at regjeringa snudde og førte tilbake
1000 midlane som blei foreslått kutta i CO2-kompensasjonsordninga. CO2-
1001 kompensasjonsordninga er avgjerande for å sikre like konkurransevilkår for norsk industri.
1002 Sjølv om norske industribedrifter bruker 100 % fornybar kraft, vert kraftprisen påverka av
1003 CO2-prissmitte frå Europa. Det gjer at krafta vert vesentleg dyrare enn den elles ville vore.
1004 Ifølge Statnett vil europeiske CO2-prisar om få år utgjere 40 % av norsk kraftpris. NVE seier
1005 at europeiske CO2-prisar, saman med eit svekka norsk kraftoverskot, er dei viktigaste
1006 årsakene til at kraftprisen vil auke i Norge fram mot 2030.

1007

1008 CO2-prissmitten gjer at industri som bruker heilt utsleppsfri kraft, i realiteten må betale
1009 svært høg CO2-pris. I praksis betaler industrien i Norge for utslepp tyske og polske gass- og
1010 kolkraftverk har.

1011

1012 Til skilnad frå fossile kraftprodusentar i Europa, kan ikkje industrien i Norge sende denne
1013 kostnaden vidare til sine kundar, fordi industrien konkurrerer i ein global marknad, og
1014 konkurrerer med produsentar i land utan CO2-prissystem. Industrien kan heller ikkje

1015 redusere denne utgifta ved å kutte i egne utslepp, fordi kostnaden er knytt til bruk av heilt
1016 utsleppsfri fornybar kraft.
1017

1018 Det vil vere både dårleg industripolitikk og klimapolitikk, om CO2-prisar som er baka inn i
1019 prisen på fornybar kraft, gjer at dei mest grøne industribedriftene i verda må kutte
1020 investeringar eller legge ned.
1021

1022 Årdal Høgre er glade for at budsjettavtalen delvis kom industrien i møte, ved at 500 millionar
1023 kroner av det framlagte kuttet skal bli tilbakeført i CO2-kompensasjonsordninga i revidert
1024 budsjett. Dette føreset semje mellom industri og regjering om innretninga på ordninga.
1025 Samtidig som statsbudsjettet vart handsama i Stortinget, vedtok mellom anna den tyske og
1026 spanske regjeringa å utvide sine CO2-kompensasjonsordningar som frå før av er vesentleg
1027 meir omfattande enn den norske. Det vil være eit stort paradoks om fornybarlandet Norge,
1028 som eksporterer store mengder fornybar kraft, ikkje vil halde på ei ordning som skal sikre
1029 industrien like konkurransevilkår, medan energiimportørar som Tyskland utvidar si CO2-
1030 kompensasjonsordning for industrien.
1031

1032 Årdal Høgre viser til at IndustriEnergi, Fellesforbundet og Norsk Industri har lansert eit
1033 forslag som inneber at deler av CO2-kompensasjonsordningen vert knytt til klima- og
1034 energitiltak i industrien, slik Stortinget har bede om. Når fagrørsla og industrien kjem
1035 styresmaktene i møte i dette spørsmålet, er det avgjerande at regjeringa no bidreg til å
1036 skape varig ro om dette svært grunnleggande rammevilkåret for industrien.
1037

1038 Årdal Høgre minner om at ordninga er sjølvfinansierande. Det er den same CO2-prissmitten
1039 som skaper behov for å kompensere industrien for høgare kraftprisar, som gir staten store
1040 ekstraintekter gjennom auka inntekter frå mellom anna grunnrenteskatt frå vasskraft.
1041 Årdal Høgre legg til grunn at regjeringa bidreg til ei konstruktiv utforming av klima- og
1042 energikoplinga i tråd med forslaget lansert av fagrørsla og industrien, og at partane kan
1043 einast om ein avtale som gir industrien føreseielege vilkår. Dette inneber at CO2-
1044 kompensasjonsordninga vert vidareført med den innretninga som låg i statsbudsjett for
1045 2023.
1046

1047 Årdal Høgre meiner utviklinga i kraftmarknaden, og dei ekstraordinære inntektene staten
1048 både har hatt, og kjem til å få som følge av CO2-prissmitte frå Europa, talar for at ordninga
1049 bør bli styrka i åra som kjem. Eit eventuelt kutt i ordninga vil ikkje bli akseptert.
1050

1051 Budsjettsemja gjer det mogeleg å skape ei langsiktig føreseieleg og effektiv CO2-
1052 kompensasjonsordning, samstundes som midlane i ordninga kan bli brukt til å auke både
1053 tempo og omfang av naudsynte klima- og energitiltak i industrien. Denne sjansen må
1054 regjeringa nytte.
1055

1056 24. Grunnrenteskatt, skattlegging på havbruk

1057 *Frå: Vestland Senior Høgre*

1058

1059

1060 Norsk havbruksnæring har i dag ein leiande global posisjon og ligg heilt fremst med omsyn til
1061 teknologiutvikling, konstruksjon og drift av både flytande anlegg i sjø og ikkje minst
1062 produksjon av storsmolt og matfisk på land.

1063

1064 Næringa eksporterte sjømat for over 111 milliardar kroner i 2022, har ei samla sysselsetting
1065 på over 62 000, og bidrar med store skatteinntekter og andre typar økonomiske bidrag til
1066 fellesskapet, både lokalt og sentralt.

1067 Havbruksnæringa skaper allereie stor aktivitet og verdiskaping i heile Norge. Særleg gjeld
1068 dette i distriktskommunar langs heile kysten, kor næringa spelar ei nøkkelrolle for aktivitet,
1069 vekst og utvikling.

1070

1071 Havbruksnæringa er basert på globale marknader med globale aktørar, og særnorske
1072 skatteregime vil lett kunne svekka norske oppdrettsaktørar i den globale konkurransen. Skal
1073 havbruksnæringa greie å oppretthalde den internasjonale posisjonen sin, vekse og få utvikle
1074 seg i ei enda meir berekraftig retning, er det derfor avgjerande at næringa får
1075 konkurransedyktige- og stabile rammevilkår.

1076

1077 Regjeringa og Stortinget sitt vedtak på grunnrenteskatt står dessverre i sterk kontrast til
1078 behovet næringa har til stabile og føreseielege rammevilkår. Skatteregimet står òg i kontrast
1079 til den langsiktige trenden for bedriftsskattlegging i Norge, nærare eit internasjonalt
1080 skattenivå og struktur, og som også fleire regjeringar har medverka til.

1081

1082 Stortinget sitt vedtak til grunnrenteskatt for havbruksnæringa vil i sterk grad endre på
1083 rammevilkåra for næringa, og vil vere demotiverande for aktørane i næringa. Vedtaket om
1084 grunnrenteskatt har skapt politisk usikkerheit, er ikkje skattemessig nøytralt, har skapt ei
1085 rekke uavklarte og uheldige forhold, og har klare negative sider. Den representerer òg eit
1086 skattepress som ikkje harmonerer med Høgre sine uttalte mål om næringa.

1087

1088 Fleire høyringssvar til forslaget har dokumentert at havbruksbedrifter kan få ein samla skatt
1089 (inklusiv formueskatt og utbytteskatt) som går langt over det tradisjonelle skattenivået til
1090 vanlege verksemder. Dette vil tappe bedrifter og lokalsamfunn for kapital og ressursar, og
1091 gjere næringa ute av stand til å investere i ytterlegare verdiskaping, arbeidsplassar og vekst.

1092

1093 Forslaget har alt ført til nedskalering, utsetting og avlysing av investeringar for over 35
1094 milliardar kroner, varsel om permitteringar og oppseiingar. Det same gjeld
1095 leverandørnæringa, som er heilt avhengig av ei kapitalsterk havbruksnæring.

1096 Innføring av grunnrenteskatt byggjer dessutan på ei mangelfull forståing av
1097 havbruksnæringa, kor det i alt for liten grad er tatt omsyn til alle dei innsatsfaktorane
1098 næringa sjølv har utarbeid, utvikla og bidrege med, og som er grunnlaget for den globale
1099 posisjonen næringa har.
1100
1101 Forutan ordinære bedriftsskattar bidrar havbruksnæringa i dag med produksjonsavgift,
1102 enkelte stader eigedomsskatt og kjøpesum for nye konsesjonar (produksjonsvolum) til
1103 Havbruksfondet. Produksjonsavgifta utgjer 750 millionar kroner, og hadde ikkje regjeringa
1104 kome med forslaget til grunnrenteskatt ville kjøp av konsesjonar gitt fellesskapet inntekter
1105 på over 8 milliardar kroner. Innføring av nytt regime for grunnrenteskatt har så langt ført til
1106 stort tap for statsbudsjettet. Det er heilt nødvendig å også ha fokus på den skattemessige
1107 forskjelsbehandlinga mellom små og store havbruksverksemdar.
1108
1109 • Vestland Senior Høgre er sterkt kritisk til regjeringa sin prosess for meir-skattlegging av
1110 havbruksnæringa, og meiner skattlegging av næringa på enkelte plassar må sjåast i
1111 samanheng med behandlinga av Skatteutvalet sin rapport som kom 19. desember i 2022.
1112 •VSH meiner at vi må ha eit skatteopplegg for havbruket som bidrar til meir verdiskaping og
1113 nye lønnsame arbeidsplassar, og ikkje føre ein skattepolitikk for nedskalering og flytting av
1114 lønnsame arbeidsplassar ut av landet og favorisere utanlandsk eigarskap.
1115
1116 • Høgre stemte mot grunnrenteskatten på havbruk mellom anna av prinsipp, samt
1117 skattenivået og den innrettinga skatten hadde.
1118
1119 •VSH meiner havbruk skal beskattast av faktiske inntekter, og ikkje normpris. Høgre skal
1120 målretta arbeide for eit rettferdig og likt skatteregime for heile næringa utan differensiering
1121 mellom små og store aktørar.
1122
1123 •VSH meiner det er rom for å auke bidraget til fellesskapet noko, slik næringa gjennom sine
1124 organisasjonar sjølv har uttalt.
1125
1126 *VSH vil, dersom regjeringsposisjon i 2025, endre noverande regjering sin skattemodell
1127
1128 *VSH ønskjer at Høgre vil etablere ein skattemodell som kan sikre næringa berekraftig vekst
1129 og utvikling, betre fiskehelse, lågare miljøavtrykk og påverknader. Verdiskapinga, inkludert
1130 ringverknader, skal tilfalla lokalsamfunna der aktiviteten skjer, samstundes sørge for at
1131 Norge sin posisjon som verdslieande havbruksnasjon skal styrkast.
1132
1133

1134 **25. Elektrifisering av Melkøya/Kontinentalsokkelen**

1135 *Frå: Vestland Senior Høgre*

1136

1137 Øygarden Senior Høgre har stilt seg spørsmålet:

1138 Er miljø og bærekraft kun en sak for Norge, eller er det for planeten som helhet?

1139 Rent politisk har vi forpliktet oss til Parisavtalen hvor vi skal redusere utslippene av CO2 med
1140 50% innen 2030, i forhold til 1990 tallene, noe som i dag vil si 53%.

1141

1142 Vi stiller oss også spørsmålet om det er god forvaltning av skattebetalernes penger å bruke
1143 utallige milliarder på elektrifisering av en næring som ønskes avvirket innen kort tid.

1144

1145 **Øygarden Senior Høgre ønsker primært elektrifisering ved hjelp av kjernekraft:**

1146

1147 Dette er en god løsning som vil produsere stabil kraft fra små, lokale kraftverk uten CO2
1148 forurensing, som er målet.

1149 Ved raske politiske beslutninger kan dette realiseres innen 2040.

1150 Elektrifisering av Melkøya planlegges å gjennomføres ved å bygge store vindmølleparker til
1151 lands og til havs. Dette er et stort inngrep i naturen og møter stor motstand i befolkningen,
1152 noe som i beste fall vil forsinke prosessen kraftig og medføre økte kostnader.

1153

1154 Øygarden Senior Høgre ser dette som et viktig innspill til Høyre sentralt i forbindelse med
1155 Stortingsvalget 2025.

1156

1157

1158

1159 **26. Formuesskatten må fjernast på arbeidande kapital**

1160 *Frå: Vestland Senior Høgre*

1161

1162

1163 Slik innretninga er på formuesskatten bidreg det tydeleg til endringar i den nasjonale
1164 eigarskapen av bedriftene i Norge. Berre i seinare tid har Fjord1 blitt kjøpt opp av større
1165 eigarfond.

1166 Havyard Leirvik er blitt kjøpt av Tyrkiske interesser. Det er mange fleire døme på at dette går
1167 i feil retning når føresetnaden for Norsk eigarskap er diskvalifisert i høve til utanlandsk
1168 eigarskap.

1169

1170 Formuesskatten fører også til store uttak av kapital frå verksemdar for at eigarane skal klare
1171 å betale denne forma for skatt. Konsekvensen er at eigarane naturlegvis ser den einaste
1172 utveg å flytte utanlands, gjerne til land som ikkje har denne form for skatt.

1173

1174 Regjeringa verkar likegyldig til problemstillinga slik som ho er skildra her.

1175 Høgre har eit klart ansvar for å ta vare på den verdiskapinga og ikkje minst den Norske
1176 eigarskapen som endå er i landet, og må sørge for at formuesskatten på arbeidande kapital
1177 blir redusert og fjerna etter kvart.

1178

1179 Vestland Senior Høgre oppfordrar til at Vestland Høgre arbeider inn målsetjinga om fjerning
1180 av formuesskatten slik at gode investorar kan bli værande i kommunane der dei har etablert
1181 sine verksemdar.

1182

1183

1184 **27. Statsforvaltaren skal få mindre makt over kommunane våre.**

1185 **Og lokalpolitikarane større. Mykje større.**

1186

1187 *Frå: Vestland Senior Høgre*

1188

1189 Ved utbygging av større areal og veganlegg viser det seg ofte at massehandtering kan bli eit
1190 betydeleg problem.

1191

1192 Flytting av stein og jordmassar blir ofte resultatet, som igjen gjev store miljømessige
1193 kostnader med diesel og vegslitasje. Meir lokal handtering av slike massar bør bli eit krav
1194 utan at dette hindrar lokal utvikling.

1195

1196 For lokalpolitikarar som har stilt til val på partiprogram som vil utvikla «Levande bygder», er
1197 det berre frustrerande når «Overmakta» tvingar ein til å redusera og endra planar eller
1198 leggja til side planar som kunne skapa ei meir positiv utvikling i bygder og tettstadar.
1199 Mange innbyggjarar og bedrifter er opptekne av tilflytting og folketalsauke for å kunna yta
1200 gode nok tenester i framtida. Mange har sjølve parkert gode idear fordi dei har møtt eller
1201 fryktar eit byråkrati av planleggjarar og byggesakshandsamarar som er meir lojale
1202 overfor «overmakta» enn dei lokale styresmaktene. Når folk mistar motet, blir ikkje framtida
1203 slik dei ynskjer. Derfor treng me meir lokalt sjølvstyre, meir lokaldemokrati. Kommunane
1204 våre skal støtta opp om dei gode ideane, og vera ein tilretteleggjar og ressurs for dei som bur
1205 og verkar her. Då skal ikkje kommunalt tilsette leita etter bremsepedalen, men trykkja på
1206 gasspedalen. «Her er det hjelp å få!»

1207

1208 Vestland Senior Høgre vil styrkja lokaldemokratiet og leggja oppgåver og politiske avgjerder
1209 så nært som mogleg dei det gjeld. Lokal råderett skal vera det førande prinsippet i
1210 arealforvaltningssaker. Oppgåver blir løyst best av dei som kjenner lokale forhold og blir mest
1211 påverka av avgjerdene som blir tekne.

1212 Vestland Høgre har derfor programfesta «Arbeide for å innskrenke fylkeskommunen og
1213 statsforvaltaren sitt høve til å kome med motsegner til kommunale vedtak, og for at
1214 eventuelle motsegner blir grunngjeve og løyst i dialog med kommunen.

1215

1216 **Vestland Senior Høgre vil:**

1217

1218 • At motsegn berre skal kunna nyttast dersom ein plan er i strid med viktige nasjonale
1219 eller regionale interesser. (Ordet «viktig» står ikkje i dagens regelverk.)

1220

1221 • Ikkje lenger akseptera at sentrale styresmakter eksempelvis nyttar malen for
1222 Oslofjord-strandsona i distrikta våre der innbyggjarane skal leva liva sine i framtida.

1223

1224 • Redusera statsforvaltaren og fylkeskommunen si moglegheit til å overprøva
1225 kommunale vedtak.

1226

1227 • Forenkla plan- og bygningslova og få mykje raskare og meir positiv sakshandsaming
1228 til glede og nytte for oss som vil utvikla bygdene våre.

1229

1230 28. Flyktninger i arbeid

1231

1232 *Frå: Vestland Senior Høgre*

1233

1234 Da Russland invaderte Ukraina i februar 2022 fikk vi en stor strøm av flytninger til alle land i
1235 Europa, også Norge.

1236 Arbeid er viktig for den enkelte og for fellesskapet, og er nøkkelen til god integrering. I dag er
1237 det et stort behov for arbeidskraft i Norge.

1238 Det ble satt ned en arbeidsgruppe spesielt med tanke på de Ukrainske flyktningene i
1239 2022. Deres arbeid ble presentert i en pressemelding i august 2023.

1240 Over 8000 ukrainere vil avslutte introduksjonsprogrammet i år, og mange vil trolig gå rett ut
1241 i arbeid. Regjeringen jobber sammen med partene i arbeidslivet for å få enda flere raskere ut
1242 i arbeid.

1243 Språkvansker er selvfølgelig den store barrieren, og det må legges opp til rask tilgang til
1244 fleksibel språkopplæring.

1245 Mange ukrainere er godt utdannet og har kompetanse som vi etterspør i Norge. De har et
1246 ønske om å få delta i samfunnet, tjene egne penger og betale skatt, selv om jobben de kan få

1247 ikke nødvendigvis tilsvarer deres kompetanse. Det er vårt ønske å sørge for at dette kan skje
1248 så hurtig som mulig, selvfølgelig tilpasset situasjonen til den enkelte.
1249 NAV spiller en viktig rolle i dette arbeidet, og det er også viktig at de får tilført kapasitet for å
1250 kunne håndtere saken.

1251

1252 **Så hva er status i dag?**

1253 Siden krigen brøt ut i Ukraina i februar 2022 har det kommet 60.000 ukrainske flyktninger til
1254 Norge. Det har vært et viktig politisk mål å få flest mulig av dem ut i arbeid.

1255 Så langt har svært få kommet i arbeid, men utviklingen går i riktig retning.

1256 I oktober 2023 var 10.400 bofaste ukrainere registrert med jobb i Norge.

1257 Antallet som jobbet i oktober er om lag 4 200 flere enn i samme måned i 2022, en økning på
1258 nesten 65 prosent.

1259 Samtidig som vi jobber med å få flere i arbeid, strømmer det til flere flyktninger som må
1260 hurtigst mulig i gang med introduksjonsprogrammet for bl.a. å lære seg norsk.

1261 Nå blir det enda viktigere å effektivisere dette arbeidet og etablere et hurtigspor for å få
1262 flyktningene ut i arbeid, noe de selv også ønsker.

1263

1264 **Vestland Senior Høgre ønsker å sette fokus på den store ressursen og potensialet som**
1265 **ligger hos flyktningene, i et stadig strammere arbeidsmarked. Vi mener at det kan og må**
1266 **arbeides mer for å gjøre språkopplæring og kvalifisering for arbeid mer effektivt og**
1267 **strukturert. Dette er også svært god integreringspolitikk.**

1268

1269

1270

1271 **29. Krav om bedre ferjeløysing over Fensfjorden mellom Sløvåg og**
1272 **Leirvåg i Vestland Fylke, 2 ferjer i sambandet.**

1273 *Frå: Vestland Senior Høgre*

1274

1275 Frå Gulen Senior Høgre og Gulen Høgre har det gjentekne gonger blitt sendt sterk
1276 oppmoding til Fylkespolitikarane om å legge til rette for 2 ferjer i sambandet over
1277 Fensfjorden.

1278 Førebels synes det som om det er liten aktivitet for å få dette til.

1279 Situasjonen og problemstillinga med dagens tilbod er godt kjent, og kva problem som
1280 oppstår når ferja fører farleg last eller i ambulansesituasjonar der ferja må gå utanom
1281 rutetider.

1282 Sambandet treng 2 ferjer for å fungere tilfredsstillande for dei reisande og sikre at
1283 trafikkflyten ikkje blir til hinder for transport frå og til i regionen.

1284 Det er omtalt om ein kunne dele ei ferje mellom Fedje og i sambandet Leirvåg – Sløvåg, i så
1285 fall vil ei ferje ekstra kunne avhjelpe både Fedje når hovudferja på Fedje er ute av ruta og gå
1286 inn i sambandet Leirvåg - Sløvåg i vanleg rute.
1287 Dette ville være ei nødløysing men hjelpe godt på situasjonen.
1288 Gulen Senior Høgre er oppteken av at transporten over fjorden er føreseieleg og sikker.
1289 Sambandet er sterkt trafikkert og behovet for forbetring er stort. Gulen Senior Høgre ber
1290 Fylkespolitikarane frå Høgre og andre parti om å ta seriøst tak i problemstillinga som har
1291 eksistert i fleire år.
1292
1293

1294 30. Kunnskap og status om kvinnehelse må styrkes

1295 *Frå: Anne Lilleaasen*

1296
1297 Det er fortsatt slik at kjønn har betydning for helse i Norge. Selv om biologien til kvinner og
1298 menn er forskjellig, behandles disse allikevel ofte likt. Kvinner bruker medikamenter for
1299 diagnoser som ikke er forsket på hos kvinner og som fører til at de blir feilmedisinert.
1300 Kvinner opplever også andre symptomer på ulike alvorlige sykdommer enn menn. Riktig
1301 diagnose fanges ikke opp i tide som kan føre til fatal utgang.
1302
1303 Rene kvinnesykdommer har fortsatt lav status i Norge. Det er fortsatt tabubelagt for mange
1304 kvinner å snakke om sin helse, og kvinnestemmene blir ikke godt nok hørt og satset på.
1305 Alt for mange kvinner, unge som eldre, trenger nødvendig hjelp i hverdagen som for
1306 eksempel ved behandling, veiledning eller oppfølging av spiseforstyrrelser, endometriose,
1307 abort, ufrivillig barnløshet, belastningsskader eller overgangsalder.
1308
1309 Vi kan ikke akseptere at mange kvinner får livskvaliteten sin forringet med mye smerte og
1310 ubehag fordi det går lang tid før riktig diagnose blir satt, og pasientene får helsehjelp. Dette
1311 handler også om livskvaliteten til familiemedlemmer rundt dem.
1312
1313 Vi trenger mer åpenhet og kvalitet i kvinners grunnleggende helsetjenester.
1314 Vestland Høyre krever at det settes av mer penger til forskning og kunnskap om kvinnehelse.
1315
1316
1317
1318
1319

1320 31. Viktigheita av å undervise om det vitskapelege og tradisjonelle

1321 synet på biologiske kjønn

1322

1323 *Frå: Freddy af Geijerstam*

1324

1325 Det er viktig å understreke betydninga av å undervise i det vitskapelege og tradisjonelle synet

1326 på kjønn av fleire grunnar. For det første gir dette elevane ei forankring i biologiske

1327 realitetar, som er grunnleggjande for å forstå menneskekroppens funksjon og utvikling.

1328 Denne forståinga legg grunnlaget for ei felles referanseramme og gir ei objektiv

1329 inngangsport til diskusjonar om kjønn.

1330

1331 Vidare bidrar det tradisjonelle synet på to kjønn til å oppretthalde ein kulturell kontinuitet

1332 felles identitet, og skapar ikkje forvirring blant unge elevar. Tradisjonelle kjønnsroller og

1333 forventningar har vore ein integrert del av samfunnet gjennom tid, og å forstå dette gir

1334 innsikt i historiske og kulturelle samanhengar.

1335 Vi kan ikkje tillate at unge skuleelevar skal bli påverka på skulen om dei verkeleg er gut, jente

1336 eller noko heilt anna. Dette er noko dei må undersøkje på fritida, ikkje bli undervist at det er

1337 sånn det er.

1338

1339 Dersom undervisninga fokuserer på ideen om uendelege kjønn, kan det potensielt medføre

1340 negative konsekvensar. For det første kan det skape forvirring blant elevar, då det går på

1341 tvers av etablert biologisk kunnskap og tradisjonelle normer. Ein manglande forankring i

1342 vitskapelege prinsipp kan føre til feilinformasjon angående forståinga av menneskeleg biologi.

1343

1344 Høgre vil:

1345 Høgre erkjenner viktigheita av å bevare undervisninga om det vitskapelege og tradisjonelle

1346 synet på kjønn. Me vil:

1347

1348 1. Ikkje tillate undervisning som fører til at skuleelevar kan bli forvirra over eiga kjønn.

1349 2. Fremje biologisk basert undervisning:

1350 Oppmode skulesystemet til å styrkje undervisninga om biologiske kjønn og

1351 menneskekroppens funksjon, basert på vitskapelege prinsipp.

1352

1353 3. Bevare tradisjonelle kjønnsroller og verdiar:

1354 Støtte undervisning som ivaretek og forklarar tradisjonelle kjønnsroller og verdiar for å

1355 oppretthalde kulturell kontinuitet.

1356

1357

1358

1359 **32. Flere unge inn i arbeidslivet krev styrking av det psykiske**
1360 **helsetilbudet og betre rammevilkår**

1361 *Frå: Stord Høgre*

1362

1363 Andelen unge som står utanfor arbeidslivet er urovekkande høg. Desse unge representerer
1364 ein verdifull arbeidsressurs, og det er avgjerande for Noreg å inkorporere fleire både i jobb
1365 og samfunnsliv. For å oppnå dette må vi tenkje innovativt og breitt.

1366

1367 Barn og unge med psykiske utfordringar får i dag mangelfull oppfølging, med den
1368 konsekvens at dei blir ståande utanfor arbeidslivet og samfunnet. Kapasiteten i både Barne-
1369 og ungdomspsykiatrien (BUP), Distriktpsikiatriske sentre (DPS) og Arbeids- og
1370 velferdsforvaltningen (NAV) er ikkje tilstrekkeleg. Vi ser ein auke i talet unge som slit,
1371 parallelt med eit helsevesen som ikkje strekk til. Difor er det essensielt å tenkje nytt og
1372 utforske alternative tilnærmingar.

1373

1374 Det er påkravd med eit breitt tilbod for å inkludere fleire, samt eit meir robust tverrfagleg
1375 samarbeid mellom barnehage, skule, barnevern, Pedagogisk-psykologisk teneste (PPT), DPS,
1376 BUP, NAV og private tilbydarar som Fontenehus. Lavterskeltilbod som helsestasjon for
1377 ungdom, støttekontaktar, osv., er alle verdifulle og gir gode resultat, men når ikkje alle.
1378 Mange av dei unge som no blir uføre har både utdanning og ressursar, men klarar ikkje å
1379 integrere seg i arbeidslivet på grunn av psykisk uhelse. Difor må det psykiske helsetilbodet i
1380 den einskilde kommune styrkast. Det krevst eit breiare spekter av tilbod og eit forbetra
1381 samarbeid mellom offentlege helseorganisasjonar, foreldre, NAV, frivillige organisasjonar og
1382 private tiltak.

1383

1384 Høgre vektlegg tidleg innsats. Førebygging kan ofte starte allereie frå barnehagealderen. Å
1385 ruste barnehagar, skular og helsevesen for å oppdage og støtte barn som utviklar psykiske
1386 vanskar som følgje av mobbing, utanforskap eller andre årsaker, må være ein prioritet. I
1387 nokre tilfelle blir psykisk uhelse ein konsekvens for barn med lette og moderate lære- og
1388 atferdsvanskar som følgje av mobbing og manglande oppfølging/inkludering, og det er ofte
1389 psykisk uhelse som fører til uførheit.

1390

1391 **Høgre vil:**

- 1392 • Utvikle heilskaplege individuelle behandlings- og utviklingsløp gjennom barnehage,
1393 skule og utdanning for dei som diagnostiserast tidleg med lettare atferds- og
1394 utdanningsvanskar for å motverke psykiske følgediagnosar.
- 1395 • Opprette fleire lavterskeltilbod for vidaregåande elevar og studentar.
- 1396 • Styrke breidda i behandlingstilbodet og redusere ventelister hos BUP og DPS.

- 1397 • Utgreie korleis dagens NAV-ordning for arbeidsavklaring kan forbetras for å få fleire
1398 ut i arbeid.
- 1399 • Auka innsatsen mot mobbing og utanforskap gjennom tiltak som mobilfrie soner i
1400 skular og fritidsaktivitetar, samt kunnskapsformidling.
- 1401 • Motivere til samfunnsinnsats gjennom kunnskapsdeling og fokus på verdien av aktiv
1402 deltaking i samfunnsbygginga.
- 1403 • Anerkjenne idrettens betydning for mange unge, samstundes som det satsast på
1404 andre arenaer der unge kan finne fellesskap og danne vennskap.
- 1405 • Ynskje private og ideelle aktørar velkomne innanfor psykisk helse-tilbod for å
1406 redusere køane og komplementere tilbodet.
- 1407 • Halde fast ved prinsippet om fritt behandlingsval.
- 1408 • Styrke oppvekstvilkåra for barn og unge gjennom redusert barnefattigdom.
- 1409

1410 Vegem tilbake og inn i arbeidslivet for uføre må forenklast og gjerast tryggare. I dagens
1411 system blir unge som får innvilga uføretrygd i stor grad overlate til seg sjølv når NAV-tiltak
1412 avsluttar. Høgre meiner at mange av desse, med tid, støtte og hjelp, kan oppnå
1413 restarbeidsevne og ynskje om å vere i jobb. For mange unge med psykiske helseplager kan
1414 det vere snakk om ei midlertidig uførheit. Det er difor avgjerande å gjere det tryggare å
1415 prøve seg i arbeidslivet og forenkla prosessen med å gå tilbake som ufør dersom forsøket
1416 ikkje lukkast.

1417

1418 **Høgre vil:**

- 1419 • Økonomisk premiere forsøk på å integrere seg i arbeidslivet. Det skal lønne seg å
1420 arbeide, både delvis og fullt.
- 1421 • Gi aktiv oppfølging gjennom NAV eller private aktørar også ved uførheit. Auka
1422 kunnskapen og bidra til personleg utvikling.
- 1423 • Opne for retur til uførheit dersom forsøket i ordinært arbeidsliv mislukkast.
- 1424

1425 **33. No må Vestland prioriterast på samferdsel**

1426 *Frå: Stord Høgre*

1427

1428 Det er ein erkjenning av at over 70% av nasjonalproduktet vert produsert mellom Steinkjer i
1429 nord og Egersund i sør. I denne samanheng er tilgjengelegheita til opne vegar 24/7 svært
1430 viktig for transport av varer til og frå kontinentet. Ser ein på kor effektivt vegnettet, med
1431 firefeltsvegar, er utbygd, er dette i hovudsak på Østlandet og nedover mot Sørlandet.

1432

1433 Her vest har vi registrert ein firefeltsveg mellom Stavanger og Sandnes, og no også mellom
1434 Os, Bergen og Åsane som ein del av E39, Kyststamvegen. Ved fleire høve gjennom ulike
1435 stortingsperiodar har viktigheita av E39-vegnettet, som livsnerve, vore oppe til debatt for å

1436 realisere det som ferjefritt. Og like skuffa blir vi vestlendingar ved kvar rullering av Nasjonal
1437 transportplan (NTP). I tillegg veit vi at dei fleste rasutsette vegane er også på Vestlandet.
1438 Både Europavegar, riksvegar og fylkesvegar skrik etter sikringstiltak. Fleire køyrer dagleg
1439 med kjensla av risiko, «Er det i dag skredet går». Ein særleg ubehageleg kjensle.

1440

1441 Kvifor er det slik at Østlandet og til dels Sørlandet har blitt og blir prioritert med skikkeleg
1442 effektive og trafikksikre vegar, alt frå tofelts- til firefeltsvegar?

1443

1444 No er det vår tur her vest. Få fart i utbygginga av E39 frå Stavanger nordover, over Stord via
1445 Hordfast til Bergen, og over Sogn og Fjordane til Kristiansund og vidare opp til Trondheim,
1446 slik intensjonen har vore dei siste 30 åra. I tillegg E16 og jernbane i trasé K-5 Bergen Voss. I
1447 tillegg som tidlegare nemnt må staten ta sitt eigaransvar og rassikre eksisterande rasutsette
1448 Europavegar, riksvegar og fylkesvegar før alvorlege skredulukker skjer.

1449

1450

1451 34. Fastlegedekninga må aukast

1452 *Frå: Stord Høgre*

1453

1454 Vestland Høgre uttrykk bekymring for fastlegeordninga og peikar på den presserande
1455 nødvendigheita av å finna løysingar basert på den utfordrande fastlegedekninga og dei høge
1456 vikarkostnadene dette påfører mange kommunar. Fastlegeordninga utgjør ein kritisk del av
1457 den norske helsetenesta og fungerer som hovudkontakt for pasientane. Fastlegane spelar ei
1458 vesentleg rolle i førebygging, medisinsk utgreiing og behandling, og er avgjerande for å sikra
1459 kravet om ein heilskapleg og koordinert tenesteyting.

1460

1461 Mangelen på fastlegar representerer først og fremst eit problem for pasientane. Mange står
1462 utan fastlege og opplever utfordringar med å få time, utgreiing og oppfølging hos lege.

1463 Vidare vert det eit problem for kommunen med overbelastning på legevaktordninga og
1464 betydelege kostnader knytt til vikarlegetenester. Ikkje berre aukar kostnadene for
1465 helsetenesta, men kjennskapen og kontinuiteten i oppfølginga av pasientar reduserast.

1466

1467 Dette påverkar pasientsikkerheita og kvaliteten på behandlinga negativt. Den noverande
1468 ordninga og legemangelen fører til at kommunane konkurrerer med kvarandre om
1469 kompensasjon og turnusplassar, samtidig som fastlegar sluttar for å bli vikarleger.

1470

1471 Høgre meiner situasjonen i fastlegeordninga no er så alvorleg at det umiddelbart må
1472 utarbeidast ein handlingsplan for heile fastlegeordninga.

1473

1474 Høgre foreslår følgjande tiltak:

- 1475 • Utvikla ein omfattande handlingsplan for fastlegeordninga i Noreg, som inkluderer
1476 alle involverte aktørar. Det kan vera naudsynt å utvikla nye modellar betre tilpassa
1477 dagens situasjon og dei oppgåvene som pålegg fastlegane, samtidig som pasientens
1478 behov blir ivaretatt.
- 1479 • Auka talet på fastlegar ved å opna for fleire studieplassar innan allmenntillegemiddellære og
1480 forenkla krava for praktisering for dei med utdanning frå andre land.
- 1481 • Forbetra yrkets attraktivitet gjennom:
- 1482 ○ Vurdering av økonomiske insitament.
 - 1483 ○ Forbetra arbeidsvilkåra gjennom ei vurdering av talet på pasientar, krav til
1484 legevakt og rom for førebygging og oppfølging.

1485

1486 35. Et meir omfordelende inntektssystem for kommunane

1487 *Frå: Stord Høgre*

1488

1489 Kommunane må i større grad gjerast handlingskraftige og i stand til å handtere dei
1490 økonomiske utfordringane og svingningane vi vil sjå i framtida, med nye mogelege
1491 pandemiar, klimahendingar, svingingar i sysselsetting og demografiske utfordringar som til
1492 dømes fleire eldre og færre hender.

1493

1494 Mange små og mellomstore kommunar er sårbare for årlege svingingar i rammeoverføringar
1495 og skatteoverføringar. Dette gjeld typiske industrikommunar og regionsenter som ikkje har
1496 ekstraordinære inntekter frå havbruk og kraft. Desse kommunane har berre eigedomsskatt
1497 som verkemiddel, eit verkemiddel som kan være konkurransevridande for etablering.

1498 Desse kommunane vil med dagens inntektssystem ikkje være i stand til å bygge opp fond i
1499 gode tider for å handtere dei utfordringane som er skildra ovenfor.

1500

1501 Dagens inntektssystem kompenserer ikkje kommunar som har regionsenterfunksjonar og dei
1502 faktiske kostnadane dette medfører. Dette er heller ikkje vurdert i NOU 22:10 som kjem til
1503 behandling i 2024. Desse kommunane har ein ekstraordinær kostnad i høve til særskilte
1504 helsetenester og infrastruktur.

1505

1506 Typiske industrikommunar blir heller ikkje kompenserte for verdiskapinga som skjer i
1507 kommunen gjennom skatteinntekter, sidan arbeidsgivar oftast er registrert som selskap i ein
1508 annan kommune, og utføringa av prosjekt blir i stor grad gjennomført ved bruk av
1509 gjeste-arbeidarar og pendlarar frå andre kommunar og land. Dvs. at det i dag går føre seg ein
1510 diskriminering mellom kommunar som avgir naturressursar (havbruk og kraft) og
1511 vertskommunar for industrikonsern i høve til kompensasjon og verdiskaping.

1512

1513 Høgre vil:

- 1514 • Fremma eit meir rettferdig inntektssystem for kommunane der kostnadsutjamninga tek
1515 omsyn til kva kostnaden er knytt til.
- 1516 • Sikra at små og mellomstore kommunar utan inntekter frå naturressursar også har
1517 moglegheita til å oppnå ein robust kommuneøkonomi.
- 1518 • Sikra at kommunar med regionsenterfunksjon blir kompenserte for desse tenestene.
- 1519 • Innføra ei meir rettferdig fordeling av skatteinntekter frå verksemder og arbeidstakarar,
1520 slik at kommunar der verdiskapinga skjer, sit igjen med meir av inntektene.

1521

1522 36. Kraft i Vestland

1523 *Frå: Stord Høgre*

1524

1525

1526 Vestland Høgre ønskjer å rette merksemda mot utfordringane knytte til
1527 tilgjengeleggjing av kraft i Vestland. Manglande infrastruktur og avgrensa tilgang til
1528 påliteleg strømforsyning har negative konsekvensar for lokal næringsutvikling og vil etter
1529 kvart også få implikasjonar for innbyggjarnes livskvalitet.

1530

1531 Det er avgjerande at vi tek grep for å styrkje kraftforsyninga i regionen. Høgre ber difor
1532 om ein grundig gjennomgang av dagens situasjon, samt ein plan for tiltak som kan betra
1533 tilgjengelegheita av kraft. Dette er essensielt for å sikre berekraftig vekst og trivsel i
1534 Vestland. Løysinga som er løfta fram så langt, er å byggje meir av alt, raskare. Men om
1535 dette er ei løysing, vil ho likevel medføre ein situasjon der ikkje alle vil få kraft
1536 tilgjengeleggjort på same tid. Vi veit av erfaring at det vil gå minst 10-15 år før ein har
1537 planar om ein utbygging til kraften fysisk er tilgjengeleggjort på same stad.

1538

1539 Når alle då skal byggje samtidig, må ein nødvendigvis prioritere. For nokre kommunar i
1540 Vestland vil dette være direkte negativt, då dei ikkje vil stå først i køen. Vi ser at ein i stor
1541 grad prioriterer dei stadene som er peikte ut for elektrifisering av sokkelen og
1542 landanlegg, som til dømes Finnmark. I tillegg er det i dag ingen forskrift som seier noko
1543 om kven som skal prioriterast i ei stadig veksande kø, utover sokkel- og
1544 landanleggsprosjekta, noko som fører til at kvar einskild nettselskap i stor grad
1545 bestemmer. Dette gir uønska konkurransevriding.

1546

1547 Derfor vil Vestland Høgre kjempe for lokalt forankra utbygging av kraft gjennom
1548 lokaleigde selskap som kommunane i Vestland bør ha eigarskap i. Dette for å raskare
1549 kunne få fram naudsynt infrastruktur, utvikling og implementering av fornybare
1550 energikjelder. Spesielt for Sunnhordland kan dette skje gjennom Sunnhordland
1551 Industrinett, bygd på same måten som Rogaland Industrinett, der strategien er forankra i
1552 ein fempunktsplan.

1553
1554
1555
1556
1557
1558
1559
1560
1561
1562
1563
1564
1565
1566
1567
1568
1569
1570
1571
1572
1573
1574
1575
1576
1577
1578
1579
1580
1581
1582
1583
1584
1585
1586
1587
1588
1589
1590
1591
1592
1593

Høgre vil:

- Investere i lokal infrastruktur:
 - Prioritere betydelege investeringar i kraftinfrastruktur, inkludert oppgradering av eksisterande nettverk og bygging av nye kraftstasjonar, for å auke kapasiteten og pålitelegheita i Vestland.
- Fremje lokal fornybar energi:
 - Stimulere til utvikling og implementering av fornybare energikjelder, som kjerne-kraft, bioenergi, sol- og vindkraft, for å diversifisere energimiksen og redusere avhengigheita av konvensjonelle energikjelder.
- Fremje teknologisk modernisering:
 - Introdusere avanserte teknologiske løysingar, som smarte nettverk og energilagringsteknologiar, for å optimalisere distribusjonen av kraft og handtere etterspørselsvariasjonar.
- Stimulere til auka energieffektivitet:
 - Implementere program og insentiv for å oppmuntre både bedrifter og innbyggjarar til å ta i bruk energieffektive teknologiar og praksisar, noko som kan bidra til å redusere den totale etterspørselen.
- Drive fram og støtte forsknings- og utviklingsinitiativ:
 - Støtte forskning og utvikling innan energisektoren, særleg retta mot å identifisere og implementere innovative løysingar som kan forbetre krafttilgjengelegheita på ein berekraftig måte i Vestland.

Selskap som har slik lokal utbygging, eigarskap og drift som formål, der kommunane eig minimum 20%, skal få overført økonomiske midlar for investering i infrastruktur via Statsbudsjettet, etter ein nærare utgreidd modell.

Ved at kommunane aktivt og økonomisk tek del i lokale energinett, der vi nasjonalt legg til rette for og mogleggjer etableringa gjennom midlar samt rask saksbehandling for å få konsesjon til utbygging og drift, vil ein lettare få lokal påverknad på naudsynt utbygging av infrastruktur. Samstundes oppnår ein effekten av å samle kommune og næringsliv til felles løft og utvikling av ein heilt essensiell del av framtida – nemleg nok fornybar kraft, tilpassa det næringslivet ein har og ønskjer å utvikle basert på eit framskrive bilde av industriutviklinga. Modellen underbyggjer det Rogaland Industrinett allereie har vist med si gjennomføring.

1594 37. Grøn omstilling av industrien

1595 *Frå: Stord Høgre*

1596

1597 Vestland Høgre meiner at Noreg står midt i den største industriomstillinga sidan overgangen
1598 frå skipsbygging til olje- og gassutbyggingar. Samtidig har landet eit akutt behov for meir
1599 kraft, og dette opnar ein avgjerande moglegheit. Det hastar med å lansere fleire
1600 energiprojekt for ei ny industrialisering.

1601

1602 For å nå dei overordna energimåla, må det utviklast klare strategiar gjennom samarbeid
1603 mellom energiselskap/utbyggjarar, leverandørindustri, arbeidslivets partar, myndigheiter og
1604 kraftkrevjande industri. Ein slik felles tilnærming har tidlegare skapt ein kraftfull og
1605 konkurransedyktig leverandørindustri for petroleumssektoren og store vannkraftprosjekt.
1606 Ein nasjonal industriell bevisstheit var fundamentet for denne utviklinga.

1607 Eit anna viktig poeng er dei økonomiske verkemidla for å bygge ny energiproduksjon. NVE
1608 har peikt på at havvind i Noreg ikkje er lønsamt. Dette understrekar at utvikling og
1609 industrialisering, særleg innan havvind, er avgjerande for ei vellykka og verdiskapande
1610 satsing.

1611

1612 **Høgre meiner generelt:**

- 1613 • Ny energiproduksjon må føre til meir industrialisering. Energisomstillinga er ein
1614 avgjerande moglegheit for å skape ein kraftfull, omfattande og lønsam
1615 leverandørindustri for bygging og drift av nye energianlegg.
- 1616 • Dei økonomiske verkemidla må prioritere kritisk infrastruktur for industriutvikling i
1617 Noreg. Dette vil føre til meir sjølvforsyning og mindre avhengigheit av internasjonale
1618 rammer for å løysa energikapasitet.
- 1619 • Rammvilkåra gitt av det offentlege må leggja grunnlag for lønsamheit i heile
1620 verdikjeda, elles risikerer vi at kostnadene for utbygging påførast
1621 leverandørindustrien og forbrukaren. Dette er ikkje berekraftig.
- 1622 • For å handtera behovet for rask kapasitetsauke innan nye energisegment må ein
1623 vurdere verkemiddel der private interesser og statlege bidrag samarbeider om
1624 utvikling av verft, nye anlegg for samansetting og utskipping, anlegg for produksjon av
1625 spesialiserte produkt og komponentar.
- 1626 • Me må vurdere oppbygging av nye industriparkar på forretningsområde som havvind,
1627 CCS, hydrogen langs den norske kysten.
- 1628 • Noreg må setja i gang eit større arbeid for å vurdere det heilskaplege
1629 energipotensialet på norsk kontinentalsokkel. Arbeidet må prioritera raskare
1630 moglegheit for utvikling og sameksistens mellom relevante interesser.

1631 Det er eit stort behov for statleg bidrag til omstilling av leverandørindustrien. Marknaden
1632 kan og vil ta si del basert på bedriftsøkonomiske prioriteringar. Vi skal gjennomføre den
1633 største omstillinga av energi og industri i moderne tid. Samfunnet har ei tydeleg ambisjon

1634 om å nå klimamåla, inkludert å utvide industrikapasiteten for å bygge mange nye
1635 installasjonar raskt. Men dette inneber at omstillinga må gå mykje raskare enn det
1636 bedriftene klarar å levere innanfor lønsam drift.

1637

1638 **Høgre meinar om vikremiddel:**

- 1639 • Både mandat og rammer for Grønt Industriløft, Enova og Innovasjon Norge for støtte
1640 til industriomstilling bør utvidast.
- 1641 • Det bør etablerast ein "skattepakke for grønne energiprojekt", inkludert utgiftsføring
1642 frå Dag 1.
- 1643 • Det bør etablerast eit grønt fond etter erfaring frå Eksfin: Kapital for utlån frå
1644 livselskap osv., lånegaranti frå staten.
- 1645 • Det bør nyttast aktivt og premierast av ESG-rapportering som ein del av kriterier for å
1646 få finansiell støtte.
- 1647 • Det bør opprettast økonomisk støtte til pilotprosjekt for auka kapasitet på kritisk
1648 infrastruktur som:
 - 1649 ○ Fabrikasjon av bunnfaste understell
 - 1650 ○ Fabrikasjon av flytande understell
 - 1651 ○ Hamneanlegg for samansetting/logistikk

1652 Norsk leverandørindustri har potensiale, men rask omstilling krev samarbeid mellom
1653 industri, myndigheiter og utbyggjarar. Myndigheitene må ta ei større rolle for å sikre ein
1654 vellykka omstilling.

1655

1656 **Høgre meinar om offshore vind:**

- 1657 • Me må få fram nye utbyggingar frå 2030 til 2040: Start prosessen no for nye årlege
1658 arealtildelingar i 2024, i 2025.
- 1659 • Me må sørge for akselerasjon av UN, SNII og eventuelt Trollvind. Dette er einaste
1660 moglegheit for aktivitet allereie i 26/27.
- 1661 • Me må akselerere Utsira Nord ved å sørge for økonomiske rammevilkår som gjer at
1662 alle 3 områda blir bygde ut.
- 1663 • Me må sikre mangfald i utbyggingane på Utsira Nord gjennom å nytte
1664 tildelingskriterier for å sikre at det vert valt minst 2 ulike flytande løysingar, og minst 1
1665 løysing for offshore transformatorstasjon.

1666

1667 Vestland Høgre ser på karbonfangst og -lagring som ein viktig del av løysinga for å
1668 redusere CO2-utslepp i energisektoren. Vi meiner at Noreg har betydelege
1669 moglegheiter i denne sektoren, særleg med tanke på marknaden for karbonfangst og
1670 -lagring (CCS).

1671

1672 Vi føreslår òg vurdering av eit grønt skatte regime for investeringar i karbonfangst,
1673 inspirert av ordninga for elektrifisering av sokkelen. Dette systemet kan gi insentiv for

1674 berekraftige investeringar og samtidig påleggje avgifter eller utflating for verksemdar
1675 som ikkje prioriterer slike investeringar. Ein mogleg tilnærming er eit fond for fangst
1676 og lagring, basert på modellen til NOx-fondet for oljebransjen.

1677

1678 **Høgre meinar om karbonfangs og lagring:**

- 1679 • Det må byggast ut lagringskapasitet som heile tida har større kapasitet enn
1680 lagringsbehovet. Utfordringa i dag er at dei som fangar CO2 berre har Northern Lights
1681 med sin avgrensa kapasitet for lagring, og at det forseinkar igangsetjinga av
1682 fangstanlegg.
- 1683 • Lagringskapasiteten på norsk sokkel er ei moglegheit Noreg bør utnytte for å løysa
1684 Europas store utfordringar med permanent lagring av CO2.
- 1685 • Det haster med å få på plass ein grøn skattordning/insentivordning for å få fart på
1686 CCS.

1687 Hydrogen er sentralt som energibærer, med potensial for utslippsreduksjon og nye
1688 energiløsningar. Ambisiøse hydrogenstrategier i EU, USA og andre stader gir gode
1689 muligheter. Norge har betydelig potensial for verdiskaping og eksport knyttet til hydrogen,
1690 med anslått potensial for rundt 10 000 norske arbeidsplasser.

1691

1692

1693 **Høgre meinar om Hydrogen:**

- 1694 • Noreg har viktige fortrinn for produksjon av både grønt og blått hydrogen, men det
1695 må sikrast rammevilkår som gjer norske hydrogenprosjekt konkurransedyktige. Dette
1696 inkluderer at norske støtteordningar må matche konkurrerende land, og at norske
1697 bedrifter må sikrast likeverdig tilgang til EUs støtteordningar i lag med konkurrentar
1698 på kontinentet.
- 1699 • For å sikre rask og forsvarleg oppskalering av grønne industrielle moglegheiter som
1700 krev krafttilgang, som til dømes produksjon av grønt hydrogen, vil eit viktig tiltak vera
1701 å utvikle hybridmodellar, der industriutvikling og kraftutbygging blir sett i
1702 samanheng. Det vil også vera avgjerande med ein tydelegare prioritering til
1703 industriell bruk av kraft i høve til nettilknytning.
- 1704 • Ved avgjerd om utbygging av produksjonsanlegg for hydrogen bør det vera ein klår
1705 føresetnad at dette også skal nyttast så godt som mogleg til utvikling av ein
1706 tilhøyrande leverandørindustri.

1707

1708 **38. Ein berekraftig energiproduksjon**

1709 *Frå: Sogn og Fjordane Unge Høgre*

1710

1711 I framtida vil energimangelen i verda bli endå større. Allereie no ser vi at straumprisane
1712 aukar og at produksjonen ikkje følger etter. Norge har eit industritungt næringsliv som

1713 trenger tilgang på mykje energi. I tillegg så trenger Europa sårt energi for å kunne fase ut kull
1714 og gass kraftverk. For at Norge og verda skal ha nok straum om 10 år så må vi bygge ut
1715 kjernekraft i landet vårt. For å bygge ut alle elver og putte vindmøller på alle fjell løyser ikkje
1716 krisa. Derfor er det viktig at vi ikkje venta med å bygge ut og starte med kjernekraft. For
1717 Sjølve byggeprosessen vil ta fleire år. Men når ein får kjernekraftverket operativt så vil
1718 kraftverket produsere rein energi. Det vil produsere mykje energi. Og det radioaktive avfallet
1719 som kraftverket gir frå seg kan ein enkelt lagre under jorda.

1720

1721 **Høgre vil:**

- 1722 - Få ei konsekvensutgreiing av å utbygge kjernekraft
- 1723 - Få ei konsekvensutgreiing over kordan ein best kan handtere avfallet

1724

1725

1726 39. Fornuftig pengebruk i offentleg sektor

1727 *Frå: Sogn og Fjordane Unge Høgre*

1728

1729 Den offentleg sektoren i Norge er forvant til å bruke pengar. I dag er det slik at offentlege
1730 sektorar blir styrt slik at vist ein ikkje bruka opp alle pengane i budsjettet sitt så vil budsjettet
1731 bli ned justert. Dette er ein ukultur fordi det gjere at ein bruka mykje meir pengar ein
1732 nødvendig. Samtidig så veit ein at staten er mykje mindre effektiv og fornuftig ein privat
1733 sektor når det gjelder bruk av pengar. Ein må prøve i større grad å lage ein offentleg sektor
1734 som alltid ser på kordan ein kan spare pengar i staden for kordan ein kan bruke pengar.

1735

1736 **Høgre vil:**

- 1737 - Sette ned eit utval som ser på kordan vi kan motivere offentlege etatar til å bruke
1738 mindre pengar.

1739

1740 40. Ein omfordelingspolitikk for framtida

1741 *Frå: Sogn og Fjordane Unge Høgre*

1742

1743 Vi lever i eit samfunn med forskjellar. Alle sosiale forskjellar vil ein nok ikkje klare å få vekk.
1744 Men alle i Norge skal ha eit verdig minstenivå av levestandar. Fleire ein før slitar økonomisk
1745 og ting ser ikkje ut til å bli betre med det første. Derfor er det viktig at vi har ein aktiv stat
1746 som tar var på dei som trenger det. Spesielt viktig er det at staten tar vare på barnefamiljar
1747 som slitar økonomisk.

1748

1749 **Høgre vil:**

- 1750 - Auke frikortgrensa til 150 tusen kr
1751 - Skattelegge barnetrygd og bruke skatteinntektene til å betale meir barnetrygd til dei
1752 som har minst

1753

1754

1755 41. Generasjonskontrakten må gjenopprettes

1756 *Frå: Vestland Unge Høgre*

1757

1758 Generasjonskontrakten er en av bærebjelkene til Høyres liberalkonservative ideologi.
1759 Kontrakten går ut på at samfunnet skal overlates i bedre stand til neste generasjon, enn den
1760 var da man overtok den selv. Dette har sikret velferdsøkning og sosiale fremskritt i mange år.
1761 Nå er likevel kontrakten nær bristepunktet.
1762 Mye tyder på at dagens ungdomsgenerasjon kan være den første på lenge som får færre
1763 muligheter enn foreldregenerasjonen. Dersom samfunnet fortsetter på samme kurs som nå
1764 vil tjenestene bli dårligere og skattene bli høyre, mens verden er mer usikker enn på lenge.
1765 Samtidig vil klimaendringer forsterke utfordringene ytterligere, og sette levestruktur til
1766 fremtidige generasjoner på spill. Derfor må generasjonskontrakten gjenopprettes.

1767

1768 **Mer trygghet i en usikker verden**

1769 Norske politikere har høstet en fredsgevinst siden Berlinmurens fall. Forsvaret har blitt
1770 bygget ned, mens formålet med utenrikspolitikken har blitt rettet fra sikkerhetshensyn til
1771 bistand og diplomati. Russlands invasjon av Ukraina, og Kinas fremvekst som en global
1772 supermakt, har likevel gjort verden mer anspent og usikker enn på lenge. Den nye
1773 situasjonen øker Norges behov for å være mer strategisk i utenriks- og forsvarspolitikken
1774 som føres, for å trygge landet og de verdiene vi står for.

1775

1776 **Vestland Høyre vil:**

- 1777 • Legge om norsk utenrikspolitikk slik at den til enhver tid har som formål å sikre
1778 Norges strategiske interesser.
- 1779 • Jobbe for økt vestlig innflytelse i verden, blant annet gjennom styrket vestlig
1780 samarbeid og strategisk bruk av bistandsmidler.
- 1781 • Stramme inn norsk innvandringspolitikk, slik at innvandring ikke kan brukes som et
1782 politisk pressmiddel.
- 1783 • Tillate permanente NATO-baser på norsk jord.

1784

1785 **En bærekraftig velferdsstat**

1786 Norge er et av verdens beste land å bo i, og det skyldes i stor grad robuste velferdsordninger
1787 og en god økonomi. En stadig aldrende befolkning og fallende oljeinntekter setter likevel
1788 nordmenns velstand på spill. Om ikke befolkningen i større grad klarer å forsørge seg selv vil

1789 fremtidige generasjoner oppleve høyere skatter, dårligere velferdstjenester og lavere
1790 kjøpekraft enn man har i dag. Derfor må offentlig pengebruk reduseres, og de midlene man
1791 bruker må prioriteres hardere for å levere de viktigste tjenestene.

1792

1793 **Vestland Høyre vil:**

- 1794 • Jobbe for at statens andel av økonomien krymper, og at andelen sysselsatte i
1795 offentlig sektor ikke øker.
- 1796 • Sørge for at oljepenger bare brukes på tiltak som ikke varig øker statens utgifter.
- 1797 • At velferdsytelser som hovedregel skal være behovsprøvde, og ikke innføre flere
1798 universelle velferdsgoder.
- 1799 • Tvangssammenslå kommuner som ikke har et godt nok tjenestetilbud, og avvikle
1800 generalistkommuneprinsippet inntil kommunestrukturen er slik at alle kommuner
1801 kan tilby forsvarlige tjenester.
- 1802 • Gjennomføre en bærekraftig pensjonsreform i offentlig sektor, og motarbeide alle
1803 forslag som vil øke pensjonsutgiftene.

1804

1805 **Mer energi og lavere utslipp**

1806 Klimaendringer utgjør en eksistensiell krise ikke bare for Norge, men hele
1807 verdenssamfunnet. Omstilling til fornybare energikilder og den sikkerhetspolitiske
1808 situasjonen gjør også at behovet for ren energi stadig blir høyere. Om Norge og verden skal
1809 nå sine klimamål må det derfor produseres mye mer energi, og dette vil ha både økonomiske
1810 og miljømessige konsekvenser. Dette er likevel en pris Høyre mener man må være villige til å
1811 betale, for å ivareta forvalteransvaret ovenfor kloden, nordmenns levestandard og den
1812 geopolitiske situasjonen.

1813

1814 **Vestland Høyre vil:**

- 1815 • Kraftig redusere Norges klimagassutslipp i tråd med Paris-avtalen, og korrekt prise
1816 inn eksternaliteter.
- 1817 • Være positive til alle former for fornybare og/eller utslippsfrie energikilder.
- 1818 • Prioritere klimakutt fremfor vern av natur og dyreliv.
- 1819 • At Norge fortsatt skal være en foregangsnaasjon innen olje og gass så lenge det er
1820 etterspørsel, men jobbe for å gjøre næringen mer bærekraftig gjennom økt
1821 elektrifisering og bruk av CCS-teknologi.

1822

1823

1824 **42. Norge trenger internasjonale studentar**

1825 *Frå: Bømlo Høgre*

1826

1827 Norsk næringsliv roper etter arbeidskraft. Me mangle varme hender og kloke hovud til det
1828 grøne skifte. Disse varme hendene og kloke hovuda kjem frå heile verda. Derfor må me
1829 ynskja velkommen dei som ynskje å bidra på den omstillinga landet vårt skal gjennom.
1830
1831 Me tar ikkje godt imot internasjonale studentar. Eit studentvisum må fornyast kvart einaste
1832 år, og handsamingstidene kan vera opp mot 4 månadar. I mellomtida kan ikkje disse
1833 studentane reise ut av landet i frykt for at dei ikkje slepp inn att. Det er ikkje uvanleg at disse
1834 studentane må feira jul aleine i Noreg i staden for å reisa heim til familiane sine. Å vera
1835 stadbunden til landet kan også vera eit problem for studie som krevje feltarbeid, praksis eller
1836 liknande.
1837
1838 Ikkje nok med at visum prosessen er lang og knotete, men studentar frå land utanfor EØS må
1839 også betala skulepengar. Det er greitt at dei skal bidra, men dei kunne bidrar mykje betre
1840 gjennom å jobba. Høgkvalifisert arbeidskraft er ein av dei viktigaste faktorane i langsiktig
1841 økonomisk vekst. Dette er folk det er lønnsamt å investera i. La oss ikkje skremma dei vekk
1842 med høge skulepengar.
1843
1844 Mange av dei som kjem til Noreg for å studera ynskje å bli. Enten fordi dei oppleve å ha
1845 moglegheita, forelske seg i vakker natur, får eit godt sosialt miljø eller finne kjærleiken. Dei
1846 ynskje å vera her, og me treng dei.
1847
1848
1849 Vestland Høgre vil:

- 1850 • Utvide varigheita til eit studentvisum til å gjelda studiets lengde pluss eit år.
- 1851 • Forenkla søknadsprosessen for studentvisum.
- 1852 • Avvikla skulepengar for utanlandske studentar.

1853

1854 43. Vestland Høgres gründerstrategi

1855 Frå: Vegard Enerstvedt, Lise-May Sæle og Tora Kildehaug

1856
1857 Vestlandet er ein motor i norsk økonomi. Frå tradisjonsrik industri og landbruk til skipsfart,
1858 havbruk, reiseliv og finans. Skal landsdelen framleis vera ei økonomisk kraft kan me ikkje
1859 berre lita på eksisterande næringar. Me treng også innovasjon, nye tankar og nye
1860 forretningsmodellar. Me må bruka styrkane i ein regulert fri marknad. Me må nytta den
1861 kreative krafta som driv produktivitet og utvikling. Vestlandet må bli gründerlandsdelen.
1862 Å leggja til rette for gründerverksemder er utfordrande. Det er tre hovudutfordringar for
1863 gründerbedrifter. Dette er tilgang på kapital, tilgang på kompetanse og ein jungel av
1864 næringspolitiske ordningar med uklar effektar. Samtidig har eksisterande bedrifter og
1865 næringar har alt vist sin verdi og har etablerte måtar å kommunisera sine behov. Dei fleste
1866 gründerbedrifter er ikkje starta enda. Me veit ikkje kva næringar som vil veksa fram, eller kva
1867 idear som vil bli morgondagens hjørnesteinsbedrifter. Å leggja til rette for denne type
1868 nærings krev ein anna type politikk enn eksisterande bedrifter.
1869

1870

1871 **Stat:**

1872 Gjennom mellom anna lovverk og skattesystem legg staten dei overordna rammene for
1873 gründerverksemdene. For å fremja innovasjon treng vi eit skattesystem som ikkje straffar dei
1874 som tek sjansen med å skapa sin eigen arbeidsplass. Eit døme på dette er korleis aksjonærar
1875 i nystarta bedrifter får problem med å betala formueskatten. Sidan skattegrunnlaget er
1876 verdien av aksjar som ikkje kan realiserast.

1877 Reguleringar påfører bedriftene ekstra kostandar. Desse kostnadane er ekstra store for
1878 bedrifter som er i oppstartsfasen. Difor må reguleringar utformast på ein slik måte at dei
1879 sikrar likebehandling, oppnår målet, men er enkle å overhalda.

1880 Møtet med det offentlege vert av mange oppfatta som svært krevjande. Det er difor behov
1881 for å effektivisera offentleg sektor slik at rådgjeving og saksbehandling blir enklare,
1882 rimelegare og raskare.

1883

1884 Vestland Høgre vil:

1885 - Fjern formueskatten.

1886 - Endre skattesystemet slik at investeringar i bedrifter og i eigedom blir skattemessig
1887 likebehandla.

1888 - Greia ut ei ordning med gründervisum.

1889 - At lønnsnivået som er relevant for offentlege ytingar bør bindast til lønnsnivå for
1890 siste faste jobb.

1891 - Gjera kapitalinnhenting enklare gjennom mellom anna å redusera krav før notering
1892 på børs.

1893 - Gjera det enklare for gründerbedrifter å delta i offentlege anbod ved å gjeninnføre
1894 Startoff-ordninga

1895 - Investere i offentleg infrastruktur.

1896 - Betre kapasiteten på tilbod som NAV sin gründereskule.

1897 - Endre behovsprøvinga i studiestøtte slik at den ikkje blir redusert på bakgrunn av
1898 likningsformua som kjem frå eigarskap i ein gründerbedrift.

1899 - Endre universitet- og høgskulesektoren si finansieringsordning slik at institusjonane i
1900 større grad blir lønna for vellykka gründerbedrifter som har sitt utspring i
1901 forskingsmiljøet på institusjonane

1902 - Oppretta eit gründerpanel som skal komma med anbefalingar og råd i
1903 nærings spørsmål.

1904 - Gjera arbeidsmiljølova meir fleksibel for gründerbedrifter utan å risikera sosial
1905 dumping.

1906 - Gjennomgå næringsspesifikke reguleringar med mål om å redusera dei regulatoriske
1907 kostnader.

1908 - Effektivisera offentlege prosessar.

1909 - Jobba for at det raskt skal koma på plass meir fornybar kraft og eit linjenett som
1910 sikrar at krafta kjem fram til der behovet er.

- 1911 - Utgreia ordningar for å gjera den statlege budsjettordninga meir føreseieleg. Til
- 1912 dømes at nye skattar ikkje skal kunne innførast same året som dei blir føreslått.
- 1913 - Jobba for å oppretta eit statleg venture fond.
- 1914 - Gjere det enklare å investera i gründerbedrifter, til dømes gjennom å opne opp for at
- 1915 unoterte aksjar kan eigast gjennom aksjesparekonto.
- 1916 - Greie ut tiltak for økt risikoevne for kapitalen i pensjonssparing og stiftelser

1917

1918 **Fylkeskommune:**

1919 Fylkeskommunen har ei viktig rolle som samfunnsutviklar i eit regionalt perspektiv.

1920 Fylkeskommunen har mellom anna ansvar for regional mobilitet, vidaregåande opplæring og

1921 forskjellige tilskotsordningar. Fylkeskommunen har ein unik mogelegheit til å sjå

1922 gründerverksemdene i Vestland i ein større samanheng.

1923

1924 Vestland Høgre vil:

- 1925 - Jobba for at Vestland fylkeskommune opprette og delta i nærings-, venture-, og
- 1926 såkornfond.
- 1927 - Sikra eit trygt og godt fylkesvegnett.
- 1928 - Styrka regional mobilitet som kollektivnett, fylkesvegar og flyplassar.
- 1929 - At fleire vidaregåande skular bør ha tilbod om elevbedrift/gründerkap og
- 1930 produktutvikling som fag.
- 1931 - Forbetra fylkeskommunen sin innkjøpspraksis for å fremma innovasjon og
- 1932 gründervenlege anbodskontraktar.
- 1933 - Jobba for eit gründerfokus i regional forskning
- 1934 - Det vidare arbeidet med å realisera Grøn region Vestland må inkludera
- 1935 gründerverksemd.

1936

1937 **Kommune:**

1938 Kommunane er det forvaltingsnivået som er nærmast den enkelte bedrift. Difor har

1939 kommunen eit ansvar for å leggja til rette på eit lokalt nivå. Det er stort mangfald blant

1940 kommunane i Vestland. Difor er det ikkje mogeleg å komma med noko «one size fits all»-

1941 løysingar. Lokale tiltak må tilpassast lokale forhold.

1942

1943 Vestland Høgre føreslår:

- 1944 - Sikra tilgang på kortidsleige på kontorplass. Der dette ikkje finnes frå før bør
- 1945 kommunen vurderer å tilby dette sjølv. Spesielt dersom det eksisterer ledige
- 1946 kommunale kontor.
- 1947 - Jobba for nok tilgang på næringsareal
- 1948 - Etablera kommunale nærings-, venture-, og såkornfond.
- 1949 - At ein stor del av/ heile inntekta kommunen har frå havbruksfond/konsesjonskraft
- 1950 bør skytast inn i eit kommunalt næringsfond.
- 1951 - Gründerkap og produktutvikling som valfag på ungdomsskule.

- 1952 - Legga til rette for møteplassar for gründerar og lokale investorar/næringsliv.
- 1953 - Jobba for effektiv og rettferdig sakshandsaming.
- 1954